



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** , Rådhuset, Rådhusgata 1, 4306 Sandnes  
**Dato:** 19.02.2025  
**Tidspunkt:** 12:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 7/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 8/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 9/25	Orienteringer		
ST 10/25	Referatsaker		
ST 11/25	uttale til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk		2024/4964
ST 12/25	uttale til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk		2024/4964
ST 13/25	Førebuaende klagehandsaming. Delvis innvilga søknad om kjentmannsturar. Speidernes beredskapsgruppe.		2024/11848
ST 14/25	Førebuaende klagehandsaming. Delvis innvilga søknad om kjentmannsturar. Sandnes Røde Kors Hjelpekorps		2025/241
ST 15/25	uttale til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområde		2022/2367
ST 16/25	Vedtak om tvangsmulkt - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - 5/5 Brå Beite og Sankelag - Åseral kommune		2023/7249
ST 17/25	Saksframlegg - møteplan 2025 - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder - verneområdestyret 2024-2027		2023/9697
ST 18/25	Eventuelt		
RS 2/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i verneområdet. Igletjønn. Hisdal naturreservat. 20/22 og 20/4. Folke Trydal. Bykle kommune		2024/7285
RS 3/25	Svar på søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 101/7 - Nøklandshei - snøskuter - Roy Nøkland		2024/6680
RS 4/25	Søknad løypekøyering		2023/2058
RS 5/25	Svar på søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 7/13 - snøskuter 2024 - 2028 - Kjell Ljosland		2024/9382
RS 6/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Væringdalen 1/8 og 1/10. Frank Breive Skjævesland. Bykle kommune		2023/11735

RS 7/25	Innvilga søknad om landing med helikopter til frakt av ved. Gaukhei turisthytte. DNT sør. Bygland kommune.	2024/10104
RS 8/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter. Hisdal naturreservat. 20/2-4. Torfinn Trydal. Bykle kommune	2024/4809
RS 9/25	Avslag på søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 2/52 - Finn Harald Husberg	2024/12062
RS 10/25	Revidert løyve til bruk av helikopter til ettersank av sau. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Hisdal naturreservat, Steinbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Bykle, Valle, Bygland og Sirdal kommune. Øyvind Madland	2023/10231
RS 11/25	Innvilga søknad om helikoptertransport til Kvanndalen turisthytte i Kvanndalen landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening	2024/10474
RS 12/25	Svar på søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 8/7 - Bortelid - snøskuter - Gordon Pytten	2024/10171
RS 13/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 50/1 Bossbustøylane. Inga Beth Bø Uppstad. Valle kommune	2024/9143
RS 14/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 62/2. Kai Brokke. Valle kommune.	2024/9478
RS 15/25	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med ettersanking og leiting etter sau i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder i Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Geir Brattebø og Oddgeir Fossmark	2023/10231
RS 16/25	Retting av løyve. Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 62/2 Kleivi. Kai Brokke. Valle kommune.	2024/9478
RS 17/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 50/9 Lene Christine Aamlid Ødeskaug. Valle kommune	2024/9477
RS 18/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 6/6 - snøskuter - Oddbjørn Breland	2024/10201
RS 19/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Sveling. 50/3 Sigrid Bø. Valle kommune	2024/9526
RS 20/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Sveling. 50/3 Gjermund Bø. Valle kommune	2024/9527

RS 21/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Sveling. 51/4. Solfrid Berg Hovden. Valle kommune	2024/9144
RS 22/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Gjuvatnet. 48/4. Oddmund Åsmundson Haugen. Valle kommune	2024/9577
RS 23/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Øyuvsbu. 42/2. Ragnhild Nomeland	2024/9529
RS 24/25	Innvilga søknad om helikoptertransport til Blåfjellenden i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/3, Gjesdal kommune -Stavanger turistforening	2024/10926
RS 25/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 10/9 - snøskuter - Andreas Nøkland	2024/10336
RS 26/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter. Steinbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Åsane 9/6 Kenneth Bratteland. Bykle kommune	2024/9819
RS 27/25	Revidert snøskuterløyve. 4/4 Langsvatna. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.Olav Morten Heggland. Bygland kommune	2023/6992
RS 28/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Tveite - Djupetjønn. 11/2 Knut Tveiten. Bykle kommune	2024/9855
RS 29/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Troddedalstjønnane. 6/66. Ingrid Løyning Berntsen. Bykle kommune	2024/9872
RS 30/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bossbustøyane. 51/3 Olav Jore. Valle kommune	2024/10034
RS 31/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Auguntjønnin. 50/68/1 Torleiv Bø. Valle kommune	2024/10040
RS 32/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Svelingsstøylen. 51/1 Torjus B. Berg. Valle kommune	2024/10035
RS 33/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Lykkjevatnet. 71/26. Kristian Besteland Stray. Valle kommune	2024/9479
RS 34/25	Omgjøring av vedtak - innvilga søknad snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/7 - 1/26 - Trond Harry Åsland	2024/10715

RS 35/25	Delvis innvilga søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 101/7 - snøskuter - Ivar Nøkland	2024/10858
RS 36/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 68/33 - 68/36 - 68/37 - 68/40 - Bukkehallene - snøskuter - Petter Lorentz Norenberg	2024/10242
RS 37/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 68/1 - snøskuter - Marton Laksesvela	2024/10670
RS 38/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/16 - Lordehytta - snøskuter - Daniel Thorsland - Melvin Thorsland	2024/11532
RS 39/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre	2024/11858
RS 40/25	Delvis innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Kjell Ove Nærheim	2024/11863
RS 41/25	Delvis innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/1, Suldal kommune - Kolbein Kjetilstad	2024/11868
RS 42/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområder og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bnr, 68/3, Suldal kommune - Erik Jordebrekk	2024/11862
RS 43/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr//bnr, 57/1, Suldal kommune - Jon-Inge Vetrhus	2024/11873
RS 44/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 54/2, Suldal kommune - Johan Guggedal	2024/11864
RS 45/25	Delvis innvilga søknad om snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bnr, 57/2, Suldal kommune - Jacob Vetrhus	2024/11872
RS 46/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - snøskuter - helikopter - Å Energi AS	2024/7457
RS 47/25	Delvis innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/3, Suldal kommune - Øystein Lofthus	2024/11867

RS 48/25	Delvis innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 40/2, Suldal kommune - Øyvind Kjetilstad	2024/11865
RS 49/25	Søknad om motorferdsel i Dyraheio landskapsvernområde - Suldal Service	2024/11870
RS 50/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - 2/6 - Thor Oliegreen - Åseral kommune	2024/11781
RS 51/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/16 - Forgard - snøskuter - Hallvard Forgard	2024/11968
RS 52/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 34/, Hjelmeland kommune - Karianna Laugaland	2024/12073
RS 53/25	Delvis innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/3, Hjelmeland kommune - Solfrid Thomsen	2024/12074
RS 54/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 68/12 Helene og Alf Otto Hauan. Kvisleavtn. Valle kommune	2024/10124
RS 55/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/7 - Dyrevatn 14 - Åsland heimhei 44 - 1/26 - snøskuter - Nils Ståle Forgard	2024/12127
RS 56/25	Innvilga søknad om endring i snøskuterløyve. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Svartenut, Bossbustøylane, Sandvasstøylene. Liva Ravndal. Sirdal og Valle kommune	2024/1653
RS 57/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 68/2. Finnbu og Vidalega. 68/2. Tone Å. Rysstad. Valle kommune	2024/11628
RS 58/25	Delvis innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Stedi 63/6 Hallvard Tveit Berg. Valle kommune	2024/10844
RS 59/25	Delvis innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Væringsdalen 1/10. Ole Prytz Bruun. Bykle kommune.	2024/10205
RS 60/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Låghellerbui. 50/10. Olav Kåre Bø. Valle kommune	2024/10804
RS 61/25	Søknad - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/23 -	2025/35

	1/4 - Punsevatn - Åsland - Glypen - snøskuter - Willy Åsland	
RS 62/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 48/3 - snøskuter - Tarjei Haugen	2024/12336
RS 63/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Sandvasskvæven. Tarald Johan Nomeland	2024/11281
RS 64/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Ljosland og Dysjestøylen. 8/1 - Åse og Kjell Egil Klungland. Bykle kommune	2024/11419
RS 65/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 62/14. Per Reidar Spieler. Valle kommune	2025/930
RS 66/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 71/3 - Besteland - Kråkekvæven - snøskuter - Rolf Arve Holen	2024/12275
RS 67/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Gjuvvatnet. 48/13 Olav Jan Nomeland. Valle kommune	2024/11942
RS 68/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Sandviki 71/1. Anna Besteland. Valle kommune og Bygland kommune	2024/12061
RS 69/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 50/8 - Augundtjønntølen - Sigbjørn Ege	2024/11279
RS 70/25	Revidert løyve til bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Aril Stene. 50/68 Bossbustøylane. Valle kommune.	2023/10783
RS 71/25	Til uttale - høyring - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland - kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2036	2024/12202
RS 72/25	Innvilga søknad om dispensasjon til vedhogst i Nordraheia naturreservat, gnr/bnr, 37/8, Hjelmeland kommune - Stig Bohne	2025/393
RS 73/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde - 62/5 - Tor Gunnar Vatne - Valle Kommune	2024/10856
RS 74/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Degevasshytta i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 20/1, Sirdal kommune - Kato Sinnes	2025/542
RS 75/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 1/4 - Jan Oddvar Håland	2025/212

RS 76/25	Delvis innvilga søknad - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 1/26 - 6/17 - Teiskedalen - Dalan		2025/247
RS 77/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 64/1 - Urdevasstøylen - Kirsten Bråten Berg		2024/11741
RS 78/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Krokevatn. 70/54. Lasse Stray. Valle kommune		2024/12287
RS 79/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vidalega og Langvatnet. 68/65. Nils Christian Rasmussen. Valle kommune		2024/12392
RS 80/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Rennevatnet 62/6. Håvard Sandkjær Fjærbu. Valle kommune		2024/12462
RS 81/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 63/20 Bergstøylen. Knut Gunnar Brokke Solli. Valle kommune		2024/12470
RS 82/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Ljosådalen naturreservat. Rossåsen 27/2. Jon Homme Paulsen. Valle og Bykle kommune		2024/12561
RS 83/25	Innvilga søknad - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/6 - Lordehytta - Daniel Thorsland	X	2024/11532
RS 84/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bergstøylen i Evardalen 63/20 Dreng Brokke. Valle kommune		2024/12568
RS 85/25	Delvis innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 5/22 Tom Arild Flodquist. Bygland kommune		2025/36
RS 86/25	Delvis innvilga søknad om bruk av snøskuter - - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/16 - snøskuter - Anders Trondsen		2025/1184
RS 87/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 7/1 - Ljosland - Bjørn Ljosland		2025/1231
RS 88/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 64/150 Ivlungsbu. Knut H. Nomeland. Valle kommune		2025/562
RS 89/25	Avslag på søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Gnr. 27, bnr. 1 Øyan. Tarald Flateland og Knut Flateland. Valle kommune		2024/12562



RS 90/25	Avslag på søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Øyan. Gnr. 27, bnr. 1. Tarald Flateland. Valle kommune	2024/12562
RS 91/25	Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. 9/5 Bratteland og Storevatn. Anders Helge Bratteland. Bykle kommune	2025/782
RS 92/25	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Verhidler i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 118/1, Hjelmeland kommune - unnbjørn Dahle	2025/1550
RS 93/25	Innvilga søknad om snøskutertransport til Verhidler i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 118/1, Hjelmeland kommune - unnbjørn Dahle	2025/1550
RS 94/25	Revidert løyve. Innvilga søknad om bruk av snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde. 5/9 Pytten. Jan Ove Pytten Flodquist. Bygland kommune	2024/2402



Arkivsaksnummer: 2024/4964

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 12.02.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	11/25	19.02.2025

## Uttale til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk

### Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret viser til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad med vedlegg.

Verneområdestyret for SVR vil ta føre seg Austre grein av Røldal Suldal kraftverk. Det er denne delen av søknaden som inneheld tiltak som påverkar verna areal i Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde, kor verneområdestyret har forvaltningsmynde.

Verneområdestyret for SVR fekk ikkje utsett frist for denne uttalen, sjølv om NVE har pålagt Lyse Kraft å gjennomføre nye villreinundersøkingar ved Holmavatnet og bedt om at Lyse greier ut alternativ der ikkje alle pumpekraftverka blir realisert. Verneområdestyret legg derfor til grunn at ein kan komme med ein tilleggsuttale dersom det seinare skulle komme fram nye moment i saka.

Ut frå kunnskapsgrunnlaget som ligg føre i dag, vil Verneområdestyret for SVR rå frå at det blir gitt konsesjon til delane av søknaden som påverkar dei nemnte verneområda.

Lyse Kraft sine planar for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk vil ha så stor negativ påverknad på naturmangfaldet i verna areal at ein ikkje kan tilrå at det blir gitt konsesjon. Dette gjeld særleg naturverdiar knyt til landskap, villrein og fisk.

Ei ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet vil være skjemmande for landskapet og ta bort mykje av mattilgangen og gytemoglegheitene for fisken. Pumping av vatn frå Kvanndalsfoss til vil føre til svakare is på Holmavatnet. Det er stor fare for at dette kan medføre at Holmavatnet blir eit vandringshinder for villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde. Overføring av Tverrå til Holmavatnet vil ha negativ innverknad på landskapet da ein elvestrekning på 1.5 km vil bli så godt som tørrlagt

Nokon av tiltaka det er søkt om vil ha positiv innverknad på naturverdiane knyt til landskap, villrein og fisk. Stabil vasstand i Isvatnet og jamnare vassføring i øvre del av Tverrå vil være positivt for landskap og fisk. Opphøyr av vintertapping av Holmavassåno vil være positivt for villreinen, da den vinteropne elva utgjør eit vandringshinder.

Om ein veg dei positive og negative verknadane for naturmangfaldet opp mot kvarandre, meiner verneområdestyret likevel at dei negative vil være klart størst slik konsesjonssøknaden nå ligg føre. Dette er særleg knyt til landskapsverknadane og villreinens moglegheit til å bruke isen på Holmavatnet som trekkveg.

Verneområdestyret har i sin uttale til revisjonsdokumentet peike på at mange av tiltaka i søknaden som har positiv innverknad på naturmangfaldet, kan påleggast Lyse Kraft gjennom vilkårsrevisjonen sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til alle opprusting- og utvidingstiltaka.

I handsaminga av konsesjonssøknaden må det leggast avgjerande vekt på at den samla belastninga på Setesdal Ryfylke villreinområde allereie er svært stor. Dette gjeld særleg inngrep frå tidlegare kraftutbygging. I klassifiseringa etter kvalitetsnormen fekk villreinområde status som «ikkje godkjent» og villreinstamma slit med tilveksten. Dette skulle tilsei at det ikkje må gis konsesjon til tiltak som aukar den samla belastninga ytterlegare.

Verneområdestyret er og kjent med at fleire andre kraftselskap i villreinområdet har konkrete planar om opprusting- og utvidingsprosjekt med pumpekapasitet. Verneområdestyret legg til grunn at NVE gjer ei samla vurdering av desse prosjekta, og prioriterer dei med minst negativ påverknad på villrein og verna areal. Ut frå opplysningane verneområdestyret sitt inne med i dag, kjem truleg Austre grein i Røldal Suldal kraftverk dårleg ut samanlikna med andre planlagde prosjekt.

Det visast til saksframlegget for ei nærare omtale grunngeving av desse punkta.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksopplysninger**

I denne saka skal verneområdestyret ta stilling til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad. Vedtaket må sjåast i samanheng med verneområdestyrets si uttale til revisjonsdokument som kjem som ein annan sak i dette styremøte og handsaming av søknaden om dispensasjon frå verneforskriftene som vert handsama i eit seinare møte.

Det er gjort ein del endringar i både framlegget til vedtak og sjølv saksutgreiinga samanlikna med saksframlegget til Styresak 34/24 sist gong saka var oppe.

## **Bakgrunn for uttalen**

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar, kan lesast på lenka til NVE sine nettsider: <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1> og på SVR sine nettsider: [Nasjonalparkstyre | Framside](#)

## Kraftutbyggingsplanane


Lyse Kraft søker om dispensasjon til opprusting- og utvidingstiltak i samband med dei eksisterande Røldal-Suldal reguleringane. Utbyggingsplanane omfattar ei vestre grein som i hovudsak omfattar Ullensvang kommune, og ei austre grein som omfattar Suldal, Bykle og Vinje kommunar. Det er den austre greina som omfattar verna areal.

I den austre greina av prosjektet leggst det opp til ein ny kraftstasjon med pumpekapasitet (Kvandsfoss) og to nye ordinære kraftstasjonar (Nordmork og Suldal 2B). Desse tre har ein samla installert effekt på 280 MW. Det visast elles til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad.



Nye og eksisterande vassvegar og kraftstasjonar i austre grein. Grøn farge - eksisterande anlegg. Blå og oransje farge – nye anlegg.

## Verneområda



Kart over verna areal. Landskapsvernområda Kvanndalen, Dyraheio og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er markert med grøn farge, mens biotopvernområde Holmavassåno er markert med lilla farge.

Kvanndalen landskapsvernområde med biotopvern har eit areal på 84 km<sup>2</sup> og vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. Isvatnet og nesten heile Tverrå ligg i Kvanndalen landskapsvernområde. Føremålet med landskapsvernet er: « ... å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa”.

Holmavassåno biotopvernområde har eit areal på 23 km<sup>2</sup>, og vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. Den sørlege halvdelen av det 10.77 km<sup>2</sup> store Holmavatnet og litt av Tverrå inngår i Holmavassåno biotopvernområde. Det gjer og Holmavassåno i heile sin lengde og om lag 1/5 av Sandvatnet. Føremålet med biotopvernet er: «... å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde».

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde har eit areal på 2323 km<sup>2</sup>, og vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Ein mindre del av Holmavatnet på om lag 0.1 km<sup>2</sup> inngår i verneområde. Formålet med vernet er:

1. Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa.

Alle tre verneføreskriftene inneheld formuleringar om at vasstandsregulering/vasskraftregulering er forbode. I verneføreskriftene for Kvanndalen og Holmavassåno heiter det at vernereglane ikkje er til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon. Denne formuleringa viser til eit Samla Plan prosjekt frå 1984 som var tenkt å utnytte fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Prosjektet omfatta mellom anna overføring av Tverrå til Holmavatnet og ytterlegare senking av LRV i Holmavatnet med 2 m.

### **Samla belastning**

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er frå før sterkt prega av kraftutbygging. Kor store utbyggingar som Røldal-Suldal, Øvre Otra, Ulla-Førre, Lyse og Sira-Kvina har stor negativ innverknad på verneverdiane, og særleg verdiane knytt til landskap og villrein.

Verneområda utgjer kjernen og om lag halvparten av arealet av Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette er det villreinområde i landet som er desidert hardast påverka av vasskraftutbygging. Stortingsmeldinga om villrein inneheld tal for neddemt areal (336 km<sup>2</sup>), anleggsveggar (om lag 200 km) og kraftlinjer (506 km). Tilsyn, drift, vedlikehald og utviding av dei mange kraftanlegga genererer og massiv forstyrring. Berekningar gjennomført av NINA Rapport 2189 viser at 222 km<sup>2</sup> av villreinens leveområde har gått tapt på grunn av kraftutbygging sidan 1973.

I tillegg kjem mellom anna belastning i form av forstyrring i beiteområda og trekkveggar frå ferdsel ut frå store hytteområde, ferdsel etter turistforeininganes hytte- og løypenett og verksemd i samband med slepp, tilsyn, sinking og beiting av om lag 60.000 sau.

Konsekvensane er mellom anna at villreinstamma er delt i to ved Blåsjø, og at store beiteareal i sør og vest knapt blir brukt av villreinen. Rapporten frå klassifiseringa etter kvalitetsnormen viser til fulle konsekvensane av den samla belastninga. Villreinområde vart klassifisert til «*ikkje godkjent*» og det var særleg delnorm «*funksjonelle trekkpassasjar*» som var utslagsgjevande. Når trekkpassasjane ikkje lenger fungerer blir store areal utilgjengeleg for villreinen.

Dei siste åra har det og komme fleire indikasjonar på at den store samla belastninga byrjar å få konsekvensar for sjølve villreinstamma. I 2024 var stamma sør for Blåsjø freda for jakt fordi teljingar vist eit uforklarleg lågt tal på dyr. Dei siste tre åra har og kalveproduksjonen hatt ein nedgåande tendens, samtidig som slaktevektene på simlekalv og har gått nedover. At dyra blir mindre samstundes som dei blir færre er svært illevarslande. Ein veit ennå ikkje om dette er ei utvikling som vil halde fram eller kva som er årsaka, men dette er uansett ikkje ein situasjon der det skal leggast opp til tiltak som aukar den samla belastninga ytterlegare.

### **Nye planlagde kraftutbyggingsprosjekt**

Gjennom kontakt med kraftselskapa i regionen, er verneområdestyret kjent med at fleire av kraftselskapa planlegg pumpekraftprosjekt i nokre av dei eksisterande magasinane i villreinområde. Når ein så langt ikkje kjenner alle detaljane, er det vanskeleg å avgjere om planane vil omfatte verna areal eller i kor stor grad istilhøva på magasinane vil bli påverka.

Så langt kjenner ein til desse prosjekta:

#### Holen 3 pumpekraftverk – Otra Kraft

Holen 3 pumpekraftverk skal utnytte fallet mellom Vatndalsvatnet og Botsvatn. Det ligg føre planar om eit nytt pumpekraftverk med ein installert effekt på 1000 MW.

Vatndalsvatnet grensar opp mot verna areal i SVR og vestre del av Botsvatn inngår i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde. På bakgrunn av dei store reguleringshøgddane (56 m for Botsvatn og 140 m for Vatndalsvatnet) er istilhøva alt i dag så usikre at villreinen ikkje kryssar magasinane om vinteren. I anleggsperioden vil det bli lokale forstyringar av villrein ved tunellpåhogget på sørsida av Vatndalsvatnet og ved eit eventuelt tverrslag på tunellen i Støylsdalen.

Otra Kraft sender i desse dagar melding om Holen 3 pumpekraftverk til NVE.

#### Tjørhom pumpekraftverk – Sira Kvina kraftselskap

I Tjørhom kraftverk som utnyttar fallet frå Gravatn/Valevatn vil det bli installert ein ny pumpeturbin med ein effekt på 120 MW. Den nye moglegheita til å pumpe vatn til Gravatn/Valevatn vil og medføre at pumpeturbinen i Duge kraftverk kan utnyttast betre.

Tjørhom pumpekraftverk vil såleis påverke vasstanden og istilhøva i Gravatn/Valevatn og Svartevassmagasinet som alle grensar opp til verna areal i Frafjordheiane og SVR. For Gravatn/Valevatn er istilhøva alt i dag så dårlege at villreinen ikkje kryssar isen. Desse vatna ligg og i utkanten av villreinområde. Istilhøve i Svartevassmagasinet vil truleg bli påverka i svært liten grad.

Melding vil bli sendt NVE i løpet av 2025 eller 2026.

#### Saurdal Flex – Statkraft

I dag er det fire turbinar som nyttar fallet mellom Blåsjø og Saurdal kraftstasjon. Kvar av desse turbinane har ei installert effekt på 160 MW og to av dei har pumpekapasitet. Nå planlegg Statkraft å

erstatte ein eller begge turbinane utan pumpekapasitet slik at denne kapasiteten aukar med 160 eller 320 MW. Saurdal Flex vil dermed ikkje medføre ny installert effekt, men moglegheita til å pumpe vatn til Blåsjø vil bli betydeleg større. Kraftproduksjonen vil såleis bli meir fleksibel og ein større del av produksjonen vil kunne skje når kraftbehovet er størst.

På grunn av det svært store arealet til Blåsjø vil den auka pumpekapasiteten ha svært liten innverknad på istilhøva i Blåsjø, og såleis truleg ikkje ha negativ innverknad på villrein eller verna areal. Vatna det vil bli pumpa vatn frå, Lauvastølsvatnet og Sandsa, har alt i dag så dårleg is at den ikkje blir bruka av villreinen. Desse vatna ligg og i utkanten av villreinområde og utafør verna areal.

Prosjektet er under planlegging og førespurnad om konsesjonspliktvrdering vil truleg bli sendt NVE i løpet av 2025.

### Andre prosjekt

Sira Kvina Kraftselskap arbeider og med planar som inneberer pumping frå Øyarvatnet og Rosskreppfjorden. Villreinen brukar isen på Rosskreppfjorden i stor grad slik at eit slik prosjekt kan potensielt ha stor negativ innverknad på villreinstamma.

Otra Kraft arbeider og med planar om pumping frå Botsvatn til Store Urevatn. Villreinen brukar isen på Store Urevatn i svært stor grad slik at eit slik prosjekt kan potensielt ha stor negativ innverknad på villreinstamma.

Det er ikkje avgjort om eller når det blir sendt melding eller konsesjonssøknad for desse prosjekta.

NVE må sjå alle prosjekt med pumpekapasitet som er planlagd i villreinområde i samanheng. Dersom andre prosjekt gir mindre negativ påverknad av villrein og verna areal, må desse prioriterast før Austre grein i Røldal Suldal kraftverk.

### **Manglar i kunnskapsgrunnlaget**

Sjølv om Lyse Kraft har lagt fram omfattande konsekvensutgreiingar og fleire fagrapportar, er det framleis ein del viktige manglar ved kunnskapsgrunnlaget. Det manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli påverka av auka reguleringshøgde og pumping frå Kvanndalsfoss. Korleis isen i Naustdalsbukta vil bli påverka av tunellinntak/utløp er ikkje omtala i det heile.

Konsekvensutgreiingane inneheld heller ikkje vurderingar av avbøtane villreintiltak knyt til restriksjonar på pumping til Holmavatnet om vinteren.

Konsekvensane for villrein og friluftsliv om isen på Holmavatnet ikkje blir farbar er heller ikkje tilstrekkeleg utgreia. Om den kvista løypa må leggjast på land vil den komme i konflikt med svært viktige vinterbeiteområde for villrein.

For ein gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag visast det til verneområdeforvaltar sitt saksframlegg til Lyse Kraft sin dispensasjonssøknad i styresak 33/24.

## Vurdering

### Eksisterande tilstand og inngrep

#### Landskap og naturmangfald

Området som søknaden omfattar ligg i eit storkupert og ope fjellandskap i høgdelaget mellom 950 og 1300 moh. Det er ein del førekomstar av den næringsrike bergarten fylitt slik at vegetasjonen stadvis er frodig. Viktige element i landskapet er dei to vassdraga Tverrå og Holmavassåno, samt fleire relativt store vatn som Holmavatnet, Sandvatnet, Litlavatnet og Isvatnet. Holmavatnet er det største med eit areal på 10.77 km<sup>2</sup>.

Områda ved Sandvatnet og Holmavatnet er sterkt påverka av Røldal-Suldal reguleringa. Holmavatnet har ei reguleringshøgde på 10 m, og det ligg seks større og mindre demningar og ei kraftverkshytte rundt vatnet. Det går ein anleggsveg opp til Holmavatnet, og to store kraftlinjer på 300 og 420 KV går gjennom område. Sandvatnet har ei reguleringshøgde på 26 m, og det er to store demningar og ei kraftverkshytte ved vatnet. Det går og ein anleggsveg langs heile sør og austsida av vatnet. Isvatnet og Djupetjørna er og prega av kraftutbygginga. Isvatnet drenerte opphavleg mot Kvanndalen, men er nå snudd og renn ut Tverrå. Isvatnet har og ei reguleringshøgde på 10 m. Ved Djupetjørna er det ein utløpstunell for vatnet frå Isvatnet, ein tipp og ei kraftverkshytte. Vassføringa i Tverrå og Holmavassåno er og sterkt prega av kraftutbygginga. Tverrå har auka vassføring på grunn av at Isvatnet er tilført nedbørsfeltet. Dette gjeld særleg ein to månaders periode om vinteren når Isvatnet vintertappast. Denne tappinga har medført erosjonsskadar ved innløpet til Litlavatnet. Holmavassåno har redusert vassføring om sommaren og auka vassføring om vinteren. Det auka vassføringa om vinteren gjer at elva blir gåande open og skapar eit vandringshinder for villreinen.

Alle dei tre reguleringsmagasina Holmavatnet, Sandvatnet og Isvatnet er islagt om vinteren, og islegginga skjer når magasina er relativt fulle. Isen på Holmavatnet legg seg normalt rundt 1. desember, mens islegginga er noko seinare på Sandvatnet og noko tidlegare på Isvatnet. Når det tappast vatn frå magasina gjennom vinteren vil isen senke seg med vasstanden, og det vil oppstå sprekkar i reguleringssona. Sprekkdanninga vil være mest omfattande der reguleringshøgda er stor og terrenget er bratt. Det er derfor mest sprekkdanning i Sandvatnet, mens særleg Holmavatnet som har mindre reguleringshøgde og slakare breidder, er mindre utsett. Uansett har alle tre magasina relativt trygg is og ar farbare for både folk og dyr store deler av vinteren.

Det er og delar av område som verker urørt av kraftutbygginga. Til dømes er heile Tverrå frå innløpet til Sandvatn og opp til Djupetjørna nesten utan tekniske inngrep.





*Tverrå der turistløypa kryssar elva ved Naustdalen. Foto: SVR 05.09.2024.*

Fleire av vatna i område er svært gode fiskevatn, I Holmavatnet drivast det og næringsfiske. Ein viktig årsak til dette er førekomsten av skjoldkreps, vårfluelarver og linsekreps som er viktige næringskjelder for auren. For å kompensere for reduserte gytetilhøve blir det kvart å sett ut 1800 fisk i Holmavatnet og 150 i Isvatnet. I Holmavatnet er det nå dokumentert ein betydeleg sjølvrekruttering slik at utsettingane kan avsluttast heilt eller reduserast kraftig.


### Friluftsliv

Stavanger turistforening si hytte Holmavasshytta ligg på vestsida av vatnet med løyper nordover til Haukeliseter og sørover til Sandvatnet og vidare til Bleskestadmoen. Det går og ei umerka løype til Sloaros langs sørsida av Holmavatnet. Om vinteren går den kvista løypa sørover til Bleskestadmoen over isen på Holmavatnet før den går ned langs Holmavassåno og vidare over isen på Sandvatnet. Kvista løypa austover til Sloaros, og vidare til Hovden, går midt over isen av Holmavatnet. Holmavasshytta har om lag 900 overnattingar kvart år, fordelt på 400 om vinteren og 500 om sommaren. På seinvinteren er det og ein god del skiløparar som går strekninga Haukeliseter-Hovden som dagstur.

Det er og ein del ferdsel i område knyt til fiske, småviltjakt og villreinjakt, samt i samband med slepp, tilsyn og sanking av sau.

Anleggsvegen til Holmavatnet hadde i 330 passeringar av køyretøy i 2019 og 551 passeringar i 2024 for tidsrommet juli-oktober. Om lag 80% av denne ferdsla var i samband med jakt og fiske. I tillegg kjem noko ferdsel på veggen med sykkel eller til fots.

Ut frå desse tala kan ein estimere at dei ulike stisegmenta rundt Holmavatnet til saman har om lag 2000 passeringar i barmarkssesongen, mens dei ulike kvista løypene til saman har om lag 1000 passeringar om vinteren.




*Sommar- og vinterløyper til og frå Holmavasshytta. Blå strek viser kvista vinterløyper, men raud strek viser merka sommarløyper.*

### Villrein

Kunnskapen om villreinens bruk av områda ved Holmavatnet baserer seg på GPS-data, ulike fagrapportar frå Norconsult, SVR Notat 1-2024 og opplysningar frå lokalkjente som grunneigarar, tilsette i Hydro og andre brukarar av område. Verneområdeforvaltar kjenner og område godt.

Når det gjeld bruken av GPS-data er det viktig å være klar over at berre ein liten del av villreinbestanden har gått med sendar. Om ein tek utgangspunkt i 1000 vinterdyr i nordområdet er det under 1% som har vore merka. Ein kan likevel gå ut frå at GPS-data gir eit rimeleg representativt bilete av villreinens arealbruk, da dei merka dyra ofte inngår i større eller mindre flokkar. Ein må og være merksam på at GPS-data frå tidsrommet 2006-2024 berre gir eit augneblikksbilete av villreinens bruk av område. Villreinens arealbruk er syklisk og føretrekte vinterbeiteområde kan endre seg over tid. Som Norconsult påpeikar vil det i tillegg være usikkerheit knyt til at ein berre har GPS-posisjonen for kvar tredje time. Dermed kan ein få ein situasjon der dyr som ser ut til å ha vore ute på isen i verkelegheita berre har vore inne på land. Dette er heilt rett, men det må og føyast til at det motsette kan være tilfellet. Nokon gonger vil og dyr som ser ut til å berre ha vore på land, kan ha vore ute på isen.


Områda frå Holmavatnet og nord og austover mot Bjåen og Hovden utgjør det viktigaste vinterbeiteområde for villreinstamma i den nordre halvdel av Setesdal Ryfylke villreinområde. Denne delen av villreinområde har slakare landskap med eit visst viddepreg og er staden kor tilgangen på lav er best. Både GPS-plott og feltobservasjonar viser at Gravetjørnnuten på sørvestsida av Holmavatnet og områda på nordaustsida av vatnet blir særleg mykje brukt til vinterbeite.



GPS-plott for perioden 1. desember – 31. mai for åra 2006-2024. Kartet er henta frå Agder fylkeskommunes innsynsløysing:

<https://agderfk.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=90e4788700b841bca7d41c0b853252e5>


Den høge bruken av desse områda skuldast at vegetasjonen er relativt rik og har markerte innslag av lav. Desse områda inneheld og mange mindre kollar og knausar kor snøen bles bort og gjer maten lettare tilgjengeleg for villreinen. Det same gjeld for dei mange holmane ute i Holmavatnet. Dei beste områda er og sørvendte med tidleg snøsmelting på dei avblåsne rabbane. At Gravetjørnnuten og områda ved Dyrskarnuten har dei beste vinterbeita kjem og tydeleg fram av NINAs kart over vinterhabitata rundt Holmavatnet.



Kart over kvaliteten på vinterhabitata rundt Holmavatnet. Mørk grønfarge viser dei beste habitata. Kartet er henta frå NINA sin nettstad Wild reindeer Maps.

<https://bramvanmoorter.users.earthengine.app/view/renewablereindeergis>


Både GPS- data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no), Norconsult sin tilleggsrapport, SVR sitt notat og opplysningar frå lokalkjente, viser at villreinen brukar isen på Holmavatnet. Bruken av isen kan delast inn i tre hovudkategoriar; korte iskryssingar av bukter og viker, iskryssingar til holmar for å beite og iskryssingar av heile vatnet (ofte via holmar). Både Norconsultrapporten og SVR-notatet viser at 28 GPS-merka dyr har vært ute på isen den aktuelle perioden. Med tanke på at berre ein liten del av stamma har vore GPS-merka, så viser desse tala at det i verkelegheita er svært mange dyr som brukar isen på Holmavatnet. Dei to rapportane presenterer resultatane på litt ulik måte og er derfor ikkje direkte samanliknbare, men begge viser at villreinen brukar holmane som beiteområde og isen på Holmavatnet som trekkveg.



Alle registrerte bevegelser på og ved Holmavatnet i vintermånadene i perioden 2007-2024. Kjelde: Norconsult – RSK Revisjon og OU – tilleggsdokumentasjon.

Kartet frå Norconsult over viser tydeleg omfanget av trekkaktiviteten over isen på Holmavatnet. Norconsult gjer likevel eit poeng av at det er høgare bruksfrekvens på land rundt Holmavatnet enn ute på isen. Eit anna funn ville vore oppsiktvekkande når beiteområda i hovudsak er å finne inne på land. På kartet ser ein da og veldig tydeleg at dyra går mykje fram og tilbake i dei gode beiteområda langs nordaustsida av vatnet. Dette betyr likevel ikkje at dyra i hovudsak går rundt vatnet for å komme seg mellom dei beste beiteområda på nordaustsida og sørvestsida, slik som Norconsult påstår. I verkelegheita er det stikk motsett. Basert på GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) er det dokumentert 26 sikre iskryssingar tvers over heile Holmavatnet. Av desse er det heile 19 som går

mellom Gravetjørnnuten og nordaustsida, 3 som kryssar vatnet lenger aust og 4 som kryssar vatnet på langs. Når det gjeld dyr som har gått på land mellom nordaustsida og Gravtjørnnuten eller Naustdalen, er talet 12. I tillegg er det 4 tilfelle kor det er vanskeleg å vurdere sikkert om dyra har gått på isen eller på land. Av dyra som har gått på land er det 9 som har gått på nordvestsida og 3 som har gått på søraustsida.



*Skjematisk framstilling av korleis GPS-merka villrein har forflytta seg mellom dei beste beiteområda ved Holmavatnet. Raude piler viser trekk over isen. Blå piler viser trekk på land på nordvestsida. Gule piler viser trekk på land på søraustsida. Tala på kartet viser kor mange GPS-merka dyr som har brukt dei ulike trekkvegane.*

Etter kraftutbygginga på 1960-talet har Holmavassåno gått open store deler av vinteren, og har utgjort eit vandringshinder for villreinen. Både ope vatn og stadvis bratte snøkantar langs breidda, gjer at villreinen ikkje vil krysse. For perioden 2006-2024 er da og berre registrert 3 eller 4 kryssingar av GPS-merka dyr.

SVR-notat 1-2024 er det gjennomført ein nærstudie av kvart einskild GPS-merka dyr som har opphalda seg nær Holmavassåno vinterstid for åra mellom 2006 og 2024. Her blir det registrert at 9 GPS-merka dyr til saman har hatt det som kan tolkast som 18 avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno. På bakgrunn av dei gode vinterbeiteressursane i Gravetjørnnuten og dei dårlegare vinterbeiteressursane i eit stort område på søraustsida av Holmavassåno. Blir det konkludert med at den vinteropne Holmavassåno er eit vandringshinder med avgrensa betydning for villreinens moglegheit til å utnytte vinterbeita rundt Holmavatnet.

Under verneområdestyret si synfaring kom det fram ein tydeleg ueinigheit mellom verneområdeforvaltar og Norconsult om årsaka til opphopinga av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten. På bakgrunn av lokalkunnskap og NINAs kart over vinterbeita meiner verneområdeforvaltar at denne diskusjonen kan leggest bort. Det er ein opphoping av GPS-merka dyr i Gravetjørnnuten og på nordaustsida av Holmavatnet, akkurat der kor NINAs kart viser at villreinen finn dei beste

vinterhabitata. Søraustsida av Holmavassåno er den staden ved Holmavatnet kor det er færrest plott frå GPS-merka dyr, samstundes som habitatkartet viser at dette området har dei dårlegaste vinterbeiteressursane i heile Holmavatnområde. Dette området er og nordvendt med mykje snø og langt seinare snøsmelting noko som gir dårlegare tilgang på det som måtte være av beiteressursar.

At det er relativt få GPS-merka dyr som har forsøkt å krysse Holmavassåno skuldast derfor heilt enkelt at dei har god grunn til å halde seg i Gravetjørnnuten og lite å hente på andre sida av Holmavassåno. Det må og føyast til at Holmavassåno går vinteropen over ei strekning på 2.8 km. Som GPS-plotta og viser, kan dyra relativt enkelt komme seg til og frå Gravetjørnnuten over isen Holmavatnet eller Sandvatnet.

## **Konsekvensar av utbyggingsplanane**


### Landskap og naturmangfald

At Isvatnet får ein stabil vasstand på kote 1294 er positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Utan ei synleg reguleringssone vil landskapsrommet framstå som nærast urørt, og levetilhøva for planter, botndyr og fisk vil bli forbetra. Bortfall av vintertappinga vil og være positiv. Det vil ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn, og istilhøva vil bli betre både på sjølve Isvatnet og over Tverrå mellom Djupetjørna og Litlavatnet. Dette området har marginal bruk av både folk og villrein om vinteren, men tiltaket vil uansett være positivt. Dette tiltaket er og eit krav frå Suldal kommune til vilkårsrevisjonen for Røldal-Suldal reguleringane.

At Tverrå overførast til Holmavatnet ved kvote 1063 vil være negativt for verneverdiane knyt landskapet. Sjølv om det er rekna med ei restvassføring på 100 l/sek vil elveleiet framstå som nesten tørt over ein strekning på om lag 1.5 km. Tverrå går skjult store deler av denne strekninga, men der kor Tverrå møter Naustdalen opnar landskapet seg. Her har ein eit variert og svært vakkert landskapsrom kor Tverrå er eit heilt sentralt element. Ei nærast tørrlagt elv vil redusere verdien av dette landskapsrommet vesentleg. Dette inngrepet blir særleg eksponert ettersom turistløypa mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen kryssar Tverrå på denne staden. Det er og negativt for verneverdiane at livsmiljøet for vasslevande plantar og organismar blir sterkt forringa. Det må og byggast eit bekkeinntak i Tverrå, men landskapsverknaden av anlegget kan dempast om det leggest nedstrøms den nedste lona i Tverrå.

Ved ei vurdering av tiltaka som omfattast av det gamle Tverrå-prosjektet må det leggest til grunn eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kunnskapen om skadeverknader og samla belastning er eit heilt anna enn når Tverrå-prosjektet vart vurdert i Samla Plan på 1980-talet.

Ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m vil være svært negativt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald. Nye areal på 1.07 km<sup>2</sup> vil bli tørrlagt i deler av året, og ein vil få ei større og meir synleg reguleringssone.



*Eksisterende og ny reguleringssone i Holmavatnet. Kjelde Norconsult.*

Ei ny senking av LRV vil ha store negative konsekvensar for fisken i Holmavatnet. Særleg kritisk er det at både tilgangen til gytebekkane og tilgangen på mat vil bli sterkt redusert. Ei reguleringshøgde på 15 m er meir enn det viktige artar som skjoldkrepss og vårfluelarver kan tole. Utbygginga vil derfor føre til at ein sjølvrekrutterande aurebestand av god kvalitet blir erstatta av ein bestand under middels kvalitet som er avhengig av utsettingar for å overleve.

Om vinteren vil auke reguleringshøgde medføre oppsprukken is på nye stader og over eit større areal. Pumping av vatn frå Kvannalsfoss vil ha ei rekke negative konsekvensar for Holmavatnet. Hyppigare endringar i vasstanden vil gje dårlegare levetilhøve for vassplantar og organismar som lever i strandsona. Om vinteren vil denne pumpinga føre til dårlegare is. Når det pumpast vatn til Holmavatnet etter at isen har lagt seg vil isdekket heve seg med den stigande vasstanden. Isen vil da lausne frå land og det vil oppstå ei sone utan is eller med svak is rundt heile reguleringssona. Av søknaden går det fram at den installerte pumpekapasiteten vil kunne auke vasstanden i Holmavatnet med 25 cm i døgnet. Kor lenge og kor ofte det vil bli pumpa vil avhenge av mellom anna avrenninga til Kvannalsfoss og prisane i kraftmarknaden. Ein må derfor rekne med at det vil bli fleire situasjonar med pumping kvar vinter, og at ein vil få ei permanent sone med svak is rundt både heile Holmavatnet og alle holmane ute i vatnet. Dette kan medføre at isen på Holmavatnet ikkje blir farbar for verken folk eller dyr store deler av vinteren.

I områda ved tunellinntaket/utløpet i Naustdalsbukta må ein truleg rekne med at isen blir særleg dårleg.

## Friluftsliv

For friluftslivet vil svakare is på Holmavatnet kunne få store negative konsekvensar. Det er høgst usikkert om dei kvista løypene over vatnet kan oppretthaldast i ein framtidig situasjon med ustabile istilhøve. Av tryggleikssyn vil det neppe kunne leggast til rette for ferdsel på eit magasin der isen er usikker og tilhøva kan endre seg raskt. Om dei kvista løypene må leggast på land vil dette medføre auka forstyrring av villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde. Det er derfor godt mogleg at dei kvista løypene til Holmavasshytta frå sør og aust må leggast ned.

Dårligere fiske i Holmavatnet vil og være negativt for friluftinteressene.

## Villrein

Ein framtidig situasjon med ei senking av LRV i Holmavatnet med ytterlegare 5 m og pumping av vatn frå Kvanndalsfoss, vil ha svært store negative konsekvensar for villreinen. Ein manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli, men både Norconsult sin KU og det som finn av litteratur på temaet, slår fast at isen vil bli svakare i ei sone langs land og holmane i vatnet. Usikkerheita om istilhøve blir ennå større når ein ikkje veit kor mykje, kor ofte eller i kor lange periodar det vil bli pumpa vatn frå Kvanndalsfoss. Det er uansett fare for at isen på Holmavatnet blir så dårleg at villreinen ikkje vil bruke den, og at heile Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i det beste vinterbeiteområde. Basert på GPS-data er det om lag ein fjerdedel av villreinen i nordområde som brukar isen på Holmavatnet. Og om lag halvparten av desse igjen brukar isen til å trekke over heile vatnet eller for å beite på dei mange holmane.

Det kan være lett å stille spørsmål om kor kritisk eit nytt vandringshinder eigentleg er i eit så stort villreinområde. Her må det leggast til grunn at Setesdal Ryfylke allereie er det villreinområde i landet som er desidert hardest påverka av vasskraftutbygging målt i til dømes km<sup>2</sup> neddemt areal, kilometer anleggsveg, kilometer kraftlinjer og dermed tapt villreinareal. I tillegg kjem omfattande forstyrring frå ulike former for ferdsel.

Om Lyse Kraft får nytte Holmavatnet slik dei har søkt om, vil det bli slutt på dagens vintertapping i Holmavassåno. Dette vil være positivt for villreinen da vandringshinderet den vinteropne elva skapar vil bli borte. I SVR-notat 1-2024 er det vist til 18 mogleg avbrotne kryssingsforsøk av Holmavassåno i tidsrommet 2006-2024. Dei fleste av desse gjeld dyr som vil søraustover frå Gravetjørnnuten. Om dyra lett kan krysse Holmavassåno vil dette være positivt, og gjere at dyra fritt kan trekke der dei vil i vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Her må det gjentakast at hovudårsaka til at det er relativt få kryssingsforsøk ligg i at beitetilhøva i Gravetjørnnuten er klart betre enn på andre sida av åno, og at dyra derfor har avgrensa grad har behov for å krysse.

Funksjonaliteten til dette vinterbeiteområde vil bli redusert om trekkvegen over isen på Holmavatnet fell bort. Dette vil og være tilfellet sjølv om villreinen som ein kompensasjon kan trekke fritt over Holmavassåno. Villreinen vil ha langt større nytte av å kunne krysse direkte over isen på Holmavatnet mellom dei gode vinterbeiteområda på nordaustsida og Gravetjørnnuten, enn den vil ha av å kunne krysse mellom Gravetjørnnuten og dei meir marginale og vinterbeiteområda på søraustsida av Holmavassåno. Dette er vurderingar som bygger på eit solid fagleg grunnlag bestående av lokalkunnskap, kartleggingar av vinterhabitata og GPS-data.

For å oppsummere vil det for villreinen være stor forskjell på eit vandringshinder i form av ei vinteropne elv på 2.8 km med gode passasjer i begge ender og eit vandringshinder i form av ei isflate på 5 x 2 km.





Arkivsaksnummer: 2024/4964

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 12.02.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	12/25	19.02.2025

## Uttale til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk

### Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for SVR viser til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument med vedlegg. Det visast og til Suldal og Ullensvang kommunar sitt kravdokument frå 18.10.2019.

Verneområdestyret vil i hovudsak ta føre seg tiltak som omfattar verna areal i Holmavassåno biotopvernområde, Kvanndalen landskapsvernområde, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde, kor Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde.

Det må leggst avgjerande vekt på at den samla belastninga på Setesdal Ryfylke villreinområde frå før er svært stor. Dette gjeld særleg inngrep frå tidlegare kraftutbygging. I klassifiseringa etter kvalitetsnormen fekk villreinområde status som «ikkje godkjent» og villreinstamma slit med tilveksten. Dette skulle tilsei at det er svært viktig å få gjennomført avbøtande tiltak gjennom vilkårsrevisjonen.

Verneområdestyret for SVR vil be om at Lyse Kraft blir pålagt å gjennomføre fleire avbøtande tiltak som vil forbetre miljøtilstanden i dei aktuelle verneområda.

Dette dreiar seg om:

- Strengare bomregime på, eventuelt tilbakeføring av, anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet
- Endring av reguleringsregimet for Isvatnet
- Etablering av villreintersklar i Holmavassåno
- Innbetaling til villreinfond

Det visast til saksframlegget for ei nærare beskriving av desse tiltaka. Det visast og til verneområdestyrets uttale til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for ei nærare beskriving av samla belastning og konsekvensar for landskap, villrein og friluftsliv.

I revisjonsdokumentet legg Lyse Kraft opp til å imøtekomme mange av dei framsette krava som omfattar verna areal, ved å gjennomføre eit større opprustings- og utvidingsprosjekt for Røldal-Suldal kraftverk. Verneområdestyret vil gjere merksam på gjennomføringa av opprustings- og utvidingsprosjektet vil ha større negative konsekvensar for verneområda enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp.

Verneområdestyret for SVR vil derfor be om at Lyse Kraft, gjennom vilkårsrevisjonen, blir pålagt å gjennomføre nemnte avbøtande miljøtiltak, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilstanden i reguleringsområde, og verneområdestyret kan derfor ikkje godta ei løysing som i sum vil ha ein negativ innverknad på verneområda som verneområdestyret er sett til å forvalte.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

I denne saka skal verneområdestyret uttale seg til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument. Vedtaket må sjåast i samanheng med verneområdestyrets uttale til konsesjonssøknaden som og blir handsama i dette styremøte og handsaming av søknaden om dispensasjon frå verneforskriftene som vert handsama i eit seinare møte.

Det er gjort ein del endringar i både framlegget til vedtak og sjølve saksutgreiinga samanlikna med saksframlegget til Styresak 34/24 sist gong saka var oppe.

## Bakgrunn for uttalen

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar kan lesast her på lenka til NVE sine nettsider: <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9236&type=V-1>

For å førebu ein forventa vilkårsrevisjon sette Hydro i 2018, i samarbeid med Ullensvang (den gong Odda kommune) og Suldal kommunar, i gang utgreiingar for å etablere eit kunnskapsgrunnlag knytt til vasskraftdrifta ved Røldal Suldal kraftverka (RSK). I brev frå 18.10.2019 fremja Suldal og Ullensvang kommunar krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for RSK. NVE opna revisjonssak 17.03.2022. I kravet frå kommunane vart det i tillegg bedt om at RSK, samstundes med revisjon av konsesjon, ser på mogleg opprusting og utviding av anlegga.

## Rammer for revisjonsprosessen

I 2012 kom Olje- og Energidepartementet (OED) med retningslinjene: *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*. Her blir dei overordna rammene for saksgang, prioriteringar og avvegingar i revisjonssaker fastlagt.

I følge retningslinjene vil hovudføremålet med revisjonane være å betre miljøforholda i regulerte vassdrag, men det blir understreka at miljøforbetringane må vegast opp mot kraftproduksjonen som er føremålet med konsesjonen. Føremålet med revisjonane vil og være å modernisere konsesjonsvilkåra.

Det blir understreka at revisjonen berre omfattar vilkåra og ikkje sjølve konsesjonen (som til dømes HRV, LRV og overføringar), og at privatrettslege tilhøve ikkje omfattast av revisjonen. Opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg (O/U prosjekt) vil og bli vurdert i revisjonane.

### Andre relevante revisjonsprosessar

Det er for tida pågåande prosessar for tre vilkårsrevisjonar som påverkar verneområda i SVR. I tillegg fastsette Olje- og Energidepartementet (OED) ny konsesjon for Sira-Kvina reguleringane 27.01.2023. For Ulla-Førre og Øvre-Otra reguleringane har revisjonsdokumenta vore på høyring og saka er til behandling i NVE.

Det er og komme fleire signal om at både NVE, og kanskje særleg OED, legg opp til at nærliggande revisjonar vil bli sett i samanheng. Dette er særleg aktuelt for revisjonar som omfattar område med villrein. I fleire vilkårsrevisjonar har kraftselskapa og blitt pålagt å betale ein eingongssum til eit villreinfond for heile villreinområde. I Sira-Kvina revisjonen vart denne summen sett til 13.4 millionar. Dette villreinfondet skal finansiere nødvendige utgreiingar og konkrete avbøtande villreintiltak. Fonda skal forvaltast av ei eigen styringsgruppe beståande av NVE, miljøforvaltninga, regulantane, kommunane og eventuelt andre bidragsytarar. NVE har fått i oppdrag å samarbeide med Miljødirektoratet om å utarbeide utkast til mandat, som skal godkjennast av departementet.

### Saksførebuing frå forvaltningssekretariatet

Verneområdeforvaltar har hatt regelmessig kontakt med Suldal kommune og grunneigarar i denne delen av verneområde. Verneområdeforvaltar har og mottatt innspel frå grunneigarane gjennom møte i tilsynsutvalet for verneområda i Suldal.

Da Suldal kommune i brev frå 05.07.2017 ba om innspel til kommunane sitt kravdokument til den kommande revisjonen, leverte SVR 23.10.2017, ein administrativ uttale som inneheldt desse forslaga til desse konkrete avbøtande tiltaka i verna areal:

- Strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet
- Endra manøvrering av Isvatnet
- Etablering av villreintersklar i Holmavassåno
- Sikring av farbar is i Kvanndalsmagasinet
- Utbetring og omlegging av kløvveg langs Kvanndalsmagasinet

## **Vurdering**

I revisjonsdokumentet legg Lyse Kraft opp til å imøtekomme mange av dei framsette krava som omfattar verna areal. Til saman vil desse tiltaka ha ein stor positiv innverknad på verneverdiane. Problemet er berre at Lyse Kraft koplar gjennomføringa av dei avbøtande tiltaka opp til opprustings- og utvidingsprosjekt som har større negative konsekvensar for verneområda enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp.

Lyse Kraft må derfor gjennom vilkårsrevisjonen bli pålagt å gjennomføre avbøtande tiltak, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til opprusting- og utviding av Røldal Suldal kraftverk. Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, og ein kan derfor ikkje godta ei løysing som i sum vil ha negativ ein innverknad på verneområda som verneområdestyret er sett til å forvalte.

Verneområdestyret for SVR spel derfor inn desse forslaga om konkrete avbøtande tiltak:

### 1. Tilbakeføring eller strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet

Anleggsvegen frå Sandvatnet til Holmavatnet er 8 km lang, 4.5 km går gjennom Dyraheio landskapsvernområde og 3.5 km går gjennom Holmavassåno biotopvernområde. Vegen har eit relativt strengt bomregime der det i hovudsak er grunneigarane og kraftselskapet som har tilgang.

Motorferdsla på anleggsvegen vart kartlagt i 2019 og 2024. Her kom det fram at motorferdsla på vegen er svært avgrensa, men eit snitt på 4-5 passeringar i døgnet den tida vegen var open (juli-oktober). Med tanke på at det utover nokre bukkar er svært lite villrein i område nær anleggsvegen på sommaren og hausten, blir vegen vurdert til å ha avgrensa påverknad på villreinen. Unnataket er ein årvisst beitetrekk frå simler ned Sandvassbrekka eit døgn i perioden 15. juni – 15. juli. Det blir vurdert som samsynleg at dette beitetrekket bli avbrote etter kort tid på grunn av forstyrringar frå anleggsvegen. Anleggsvegen vil og til ein viss grad generere ferdsel vidare inn i verneområda både til fots og med båt over Holmavatnet.

Anleggsvegen utgjer og eit markert inngrep i landskapet i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Lyse Kraft omtaler i dispensasjonssøknaden at det kan bli aktuelt å tilbakeføre lange anleggsvegen som eit naturrestaureringstiltak. Dette vart og gjentatt på felles synfaringa med verneområdestyret 03.09.2024. Ei tilbakeføring vil ta bort all forstyrring av villreinen ut frå vegen og ha positiv innverknad på verneverdiane knyt til landskapet i dei to verneområda. Ei tilbakeføring av anleggsvegen blir derfor vurdert som eit tiltak som vil fremme verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at Lyse Kraft bør bli pålagt å tilbakeføre 8 km av anleggsvegen frå eksisterande bom.

Om anleggsvegen ikkje blir tilbakeført vil verneområdestyret for SVR spele inn at Lyse kraft bør bli pålagt å halde anleggsvegen stengt fram til 15. juli. I tillegg til at bommen flyttast 2 km lengre vest. Begge desse tiltaka vil redusere forstyrringa av simlene under det nemnte beitetrekket i månadsskiftet juni/juli.

Strengare bomregime og flytting av bommen inngår både i kommunanes kravdokument og i Statsforvalteren i Agder sitt framlegg til tiltaksplan for villreinområde.

### 2. Endra manøvrering av Isvatnet

Isvatnet drenerte opphavleg mot Kvanndalen, men er nå snudd og renn ut Tverrå. Isvatnet har ei reguleringshøgde på 10 m (1285-1295). Reguleringa har negativ innverknad på landskapet, og levetilhøva for botndyr og fisk. Ved Djupetjørna er det ein utløpstunell for vatnet frå Isvatnet. Tverrå har auka vassføring på grunn av at Isvatnet er tilført nedbørsfeltet. Dette gjeld særleg ein to månadas periode om vinteren når Isvatnet vintertappast. Denne tappinga har medført erosjonsskadar ved innløpet til Litlavatnet.

Om Isvatnet får ein stabil vasstand på kote 1294 vil dette være positivt for verneverdiane knyt til landskap og naturmangfald i Kvanndalen landskapsvernområde. Utan ei synleg reguleringszone vil landskapsrommet framstå som nærast urørt, og levetilhøva for plantar, botndyr og fisk vil bli forbetra. Bortfall av vintertappinga til Tverrå vil og være positivt. Det vil ikkje oppstå nye erosjonsskader i Litlevassbotn, og istilhøva vil bli betre både på sjøve Isvatnet og over Tverrå mellom Djupetjørna og Litlavatnet. Dette området har marginal bruk av både folk og villrein om vinteren, men tiltaket vil uansett være positivt.


Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at konsesjonen bør endrast slik at Isvatnet får fast vasstand på kote 1294 og «naturleg» avrenning til Tverrå. Om konsesjonen ikkje blir endra, vil ein spele inn at Lyse Kraft må påleggast å gjennomføre vintertappinga av Isvatnet over ein lengre tidsperiode enn i dag. På denne måten kan i alle fall nye erosjonsskadar i Litlevassbotn truleg avverjast. I revisjonsdokumentet opplyser og Lyse kraft at dei er positive til ei slik løysing.

Dei avbøtande tiltaka ved isvatnet inngår i kommunanes kravdokument.

### 3. Etablering av villreintersklar over Holmavassåno

Som ein konsekvens av Røldal-Suldal reguleringane er vintervassføringa i Holmavassåno sterkt auka. Både ope vatn og stadvis bratte snøkantar langs breidda, gjer elva vanskeleg å krysse for både folk og dyr store delar av vinteren.

Den vinteropne Holmavassåno utgjer eit vandringshinder for villreinen. For perioden 2006-2024 er berre registrert 4 kryssingar av GPS-merka dyr. På grunnlag av GPS-data frå [www.dyreposisjon.no](http://www.dyreposisjon.no) har SVR og identifisert 9 GPS-merka dyr til saman truleg har gjort 18 forsøk på å krysse Holmavassåno utan å lykkast. Det relativt avgrensa talet på kryssingsforsøk blir vurdert til å henge nær saman med at Gravetjørnnuten er eit svært godt vinterbeiteområde, mens vinterbeita rett på søraustsida av Holmavassåno er av langt dårlegare kvalitet.



*Aktuelle plasseringar av villreintersklar over Holmavassåno*

Ved å etablere ein eller fleire tersklar over Holmavassåno vil det bli enklare for både villrein og folk å krysse den vinteropne elva. Om villreinen lettare kan krysse Holmavassåno vil dette være positivt for verneverdiane i Holmavassåno biotopvernområde, og gjere at dyra fritt kan trekke der dei vil i vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Tersklane bør plasserast der kor dyra forsøker å krysse i dag. Områda ved utløpstunellen frå Holmavatnet og den største lona i Holmavassåno ser ut til å være særleg aktuelle. Storleik, utforming og nøyaktig plassering av tersklane må utgreiast grundig og skje i samråd med grunneigar og verneområdeforvaltninga.

Verneområdestyret for SVR vil derfor spele inn at Lyse kraft blir pålagt å utgreie effekten av tersklar i Holmavassåno og å gjennomføre dette tiltaket dersom slike tersklar blir vurdert å ha ønska effekt.

Villreintersklar over Holmavassåno inngår og i kommunanes kravdokument.

#### 4. Innbetaling til villreinfond

Røldal-Suldal reguleringane har medført omfattande ulemper for villreinstamma i område. Viktige beiteområde har blitt demd ned i Holmavatnet og Sandvatnet. I tillegg har vintertrekket over Holmavassåno blitt hindra. Det same gjeld for trekket opp i dei gode beiteområda i Hognsnuten over Sæbyggedalen kor anleggsvegen går.

I tillegg til gjennomføring av dei konkrete avbøtande tiltaka, vil verneområdestyret derfor be om at Lyse Kraft blir pålagt å betale inn til eit villreinfond. Pålegget om innbetaling i Sira-Kvina konsesjonen bør brukast som eit utgangspunkt.

#### 5. Andre krav som er spelt inn til kommunane

##### Sikring av farbar is på Kvanndalsmagasinet

Isen på Kvanndalsmagasinet har over tid blitt meir uttrygg og vanskeleg og ferdast på både med snøskuter og på ski. Dette har medført at snøskutertransportane til stølane og turisthytta i Kvanndalen har blitt lagt gjennom store delar av Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde. Dette medfører ei auke av motorferdsla i dei to verneområda, og forstyrrar villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.

SVR spelte derfor inn til kommunanes kravdokument at Hydro må påleggast å halde vasstanden i Kvanndalsmagasinet stabil ein lengre periode kvar vinter for å sikre farbar is.

Hydro har etter dette inngått ei avtale med grunneigarane om at transportbehovet til stølane blir løyst med bruk av helikopter. Det er derfor ikkje aktuelt å halde fast på kravet om farbar is.

##### Utbetring og omlegging av kløvveg langs Kvanndalsmagasinet

Etter reguleringa i 1967 vart det etablert ein ny om lag 2 km lang kløvveg på nordsida av Kvanndalsmagasinet. Deler av dette vegen har vist seg og fungere dårleg. Vegen ligg stadvis for høgt i terrenget, noko som medfører fleire unødig bratte parti som er utsett for erosjon og slitasje. Vegen blir og tyngre framkommeleg enn naudsynt.

SVR spelte derfor inn til kommunanes kravdokument at Hydro må påleggast å opparbeide ny trase for om lag 1 km av kløvvegen langs Kvanndalsmagasinet.

Etter dette har Hydro inngått ei avtale med grunneigarane om at transportbehovet til stølane blir løyst med bruk av helikopter. Behovet for kløvvegen er derfor noko redusert. Etter ei synfaring på staden har ein og komme fram til at kløvvegen inneberer eit inngrep ein ikkje ønskjer i verneområde.

Det er derfor ikkje aktuelt å halde fast på kravet om utbetring av kløvvegen.



Arkivsaksnummer: 2024/11848

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 10.02.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	13/25	19.02.2025

## Førebuaende klagehandsaming. Delvis innvilga søknad om kjentmannsturar. Speidernes beredskapsgruppe.

Vedlegg:

- 1 Klage - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frarfjordheiane landskapsvernområder - motorferdsel - kjentmannskjøring 2025 - 2026 - snøskuter - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i forvaltningslova § 33 opprettheld verneområdestyret arbeidsutvalet sitt vedtak dagsett 20.1.2025 sak 15/25. Verneområdestyret kan ikkje sjå at det har komen nye argument i saka som tilseier at arbeidsutvalet sitt vedtak bør gjerast om.

Klagen vert sendt Miljødirektoratet for avgjerd.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysningar

Verneområdestyret skal i denne saka gjere ei førebuaende handsaming av klagen frå Speidernes beredskapsgruppe (SB) på vedtak fatta av arbeidsutvalet i møte 20.1.2025, sak 15/25. SB fekk her avslag på køyring nord for Storevatn i Sirdal i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapvernområde*.

Likelydande klage har kome frå Sandnes Røde Kors. Denne vert handsama som eigen sak i same møte.

### Saka i korte trekk

SB fekk i sak 15/25 løyve til å gjennomføre inntil fire årlege kjentmannsturar etter køyreruta Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller – Ådneram i Sirdal kommune. Løyvet gjaldt for to år. Arbeidsutvalet ga avslag på søknad om køyring på strekninga Storevatn – Hyttevatn. Sjå kart nedanfor. Arbeidsutvalet hadde følgjande grunngjeving for avslaget:


«Som grunngeving for avslaget legg arbeidsutvalet vekt på at køyreruta vidare inn frå Storevatn går i heilt sentrale delar av vinterbeiteområde for villrein der det er vesentleg å få redusert den samla forstyrringa. Arbeidsutvalet kan ikkje sjå at behovet for gjennomføring av kjentmannsturane i sitt omfanget det er søkt om er tilstrekkeleg dokumentert i øvingsplanen til Sør-Vest politidistrikt».

SB har i brev dagsett 9.2.2025 klagt på avslaget i frå arbeidsutvalet og meiner at det må gjevast løyve til kjentmannsturar også på strekninga Storevatn – Hyttevatn (vedlegg 1).

SB sine argument er at køyring på strekninga er i tråd med politiets øvingsplan. Å berre gi ein aktør (Øvre Sirdal Leitegruppe, ØSL) løyve på denne strekninga gjer at redningstenesta i området vert svekka. SB meiner arbeidsutvalet i sitt vedtak har gjort redningsfaglege vurderingar, noko som i sin heilskap bør ligge til politiet. I klagen syner SB til at revidering av øvingsplanen vart gjort i samråd med forvaltningssekretariatet og at arbeidsutvalet i sitt vedtak stramma ytterlegare inn i høve til forvaltar si innstilling

Forvaltar vil legge til at ØSL er den einaste av redningsgruppene som har fått løyve på strekninga Storevatn – Hyttevatn, ref. arbeidsutvalet sitt vedtak i same møte sak 13/25. Løyvet gjeld for ein årleg kjentmannstur på strekninga.

Kart der strekninga det vart gjeven avslag på er merka gult:





### Om øvingsplanen

Øvingsplanen er utarbeida av Sør-Vest politidistrikt og vart revidert i 2024 etter ein prosess med forvaltningssekretariatet for SVR.

Øvingsplanane er forankra i retningslinene gjeven av Klima- og miljødepartementet 15.5.2020. Av retningslinene kap. 4 går det fram at det som hovudregel berre skal gjevast løyve til kjentmannsturar når slik køyring er del av ein øvingsplan. Det skal normalt gjevast dispensasjon for slik køyring om søknaden er i tråd med øvingsplanen. Det er ein føresetnad at slik køyring ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Som nemnd er det politiet som vedtek øvingsplanen. Verneområdestyret vart informert om vedteken øvingsplan i styremøtet 23.10.2024 sak 30/24. Følgjande vart teken inn i protokollen:

*«Styreleiar Jonny Liland presenterte kort Sør Vest politidistrikt sin øvingsplan for verneområda og verneområdestyret drøfta planen.*

*Verneområdestyret var einig i det aller meste av planen, men var bekymra over at det i øvingsplanen var lagt opp til fem kjentmannsturar, fordelt på tre ulike redningsgrupper, på strekninga Storevatn - Kringlevatn. Desse kjentmannsturane går gjennom eit område som er svært mykje brukt av villreinen om vinteren.*

*Verneområdestyret etterlyste betre dokumentasjon frå politidistriktet for behovet for så mange kjentmannsturar på denne strekninga. Opplysningar om talet på redningsoppdrag og helseoppdrag i aktuelle område, bør inngå i denne dokumentasjonen. Utan slik dokumentasjon kan det være aktuelt for verneområdestyret å avgrense talet på kjentmannsturar etter denne strekninga ved handsaminga av dispensasjonssøknadane frå redningsgruppene.»*

Sør-Vest Politidistrikt vart gjort kjend med verneområdestyret sin haldning i brev dagsett 31.10.2024. Med bakgrunn i desse innspela endra politiet øvingsplanen, ref. brev dagsett 8.11.2024, slik at det ikkje vert køyrd lenger enn til Hyttevatn, og totalt tal turar vart redusert frå fem til to. Leitegruppene vart også pålagt å køyre saman.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

Verneområdestyret skal gjere ein førebuande klagehandsaming etter forvaltningslova § 33. Verneområdestyret kan oppheve eller endre arbeidsutvalet sitt vedtak. Om vedtaket vert oppretthalden vert saka sendt miljødirektoratet for avgjerd.

Etter forvaltningslova § 29 – 32 er det formelle krav til ein klage. Klagefristen er tre veker, klagen må innehalde kva endring som er ønskja og den bør vera grunngeven.

## **Vurdering**

Melding om vedtaket vart send SB 25.1.2025. Klagen kom inn 9.2.2025 og såleis innan klagefristen. Klagen er grunngeven og det går fram kva som bør endrast. Dei formelle vilkåra for å ta klagen til handsaming er difor støtta.

Forvaltar syner til innhaldet i klagen attgjeven ovanfor.

Overfor politiet har verneområdestyret vore føreseieleg og ope om sine meiningar om den vedtekte øvingsplanen. Avslaget er grunngeven ut i frå verneomsyn der arbeidsutvalet legg stor vekt på å avgrense forstyrringa i heilt sentrale vinterbeiteområde for villrein. Ein betre dokumentasjon av behovet for gjennomføring av kjentmannsturane i dette området kunne gitt eit anna utfall, men verneområdestyret har så langt ikkje motteke dette.

SB har i sin klage gjort eit nummer av at forvaltningssekretariatet og verneområdestyret ikkje har vore samkøyrde i arbeidet med revisjon av øvingsplanen. Forvaltar syner til øvingsplanen

der denne etter innspel frå forvaltningssekretariatet vart innskrenka til å gjelde for to år. Dette som følgje av tiltaksplanane for villrein fjella med forventa innstramming for å avgrense den totale mengda motorferdsel i verneområda. At arbeidsutvalet vil «framskande» nokre av tiltaka er sakleg grunngeven med verneomsyn og noko dei sjølv sagt er i sin fulle rett til å gjera.

SB meiner arbeidsutvalet gjer *redningsfaglege vurderingar* når dei gir ein aktør (Øvre Sirdal Leitegruppe) løyve framføre andre. Forvaltar syner her til øvingsplanen der politiet sjølv peikar på at Øvre Sirdal Leitegruppe har lokal forankring og difor kort responstid. Når køyring i området skal avgrensast synast det difor naturleg at Øvre Sirdal Leitegruppe har ansvaret for dette.

Klima- og miljødepartementet skriv i sine retningslinjer at søknadar i tråd med øvingsplan *normalt* skal innvilgast. Verneområdestyret har i all hovudsak halde seg til dette i både denne og tidlegare planperiode. At verneområdestyret i eit svært avgrensa tal saker fråviker øvingsplanen må vera innafor den myndigheita verneområdestyret har.

## Konklusjon

Forvaltar kan ikkje sjå at det har kome nye argument i saka som tilseier at arbeidsutvalet sitt vedtak frå 20.1.2025 bør gjerast om. Klagen vert sendt Miljødirektoratet for avgjerd.



Verneområdestyret for SVR  
788 Stoa

4804 ARENDAL

Sirdal, 9.februar 2025

### **KLAGE PÅ VEDTAK I AU FOR SVR AV 20.01.2025 - Deres ref. 2024/11848-4 432.2**

Vi vil med dette benytte muligheten vi har etter forvaltningsloven til å klage på vedtaket fra AU i Verneområdestyret i ovennevnte sak om kjentmanskjøring med snøscooter for redningstjenesteformål.

- Styret i SVR har stilt seg bak politiets plan som nå ble revidert i dialog mellom politidistriktets saksbehandler og forvalterne.
- I revisjonen ble det gjort endringer som var viktige for SVR. Innspill fra forvalterne ble slik vi forstår det etterkommet. Politiets øvingsplan ble revidert og er grunnlaget for vår søknad.
- Når vi nå søker med bakgrunn i planen så strammes det ytterligere inn av SVR v/AU, mot forvalters forslag til vedtak.
- Vi opplever at AU påtar seg å gjøre redningsfaglige vurderinger som innebærer at de gir en aktør i redningstjenesten løyve og fratar andre muligheten til samme tur til tross for at dette var avklart med forvalterne og kommer frem i planen og forslag til vedtak.
- Redningstjenesten i Norge er basert på samvirke mellom aktuelle aktører. Vedtaket vi nå klager på vedtar at aktuelle aktører ikke kan samvirke i aktuelt område.
- Med andre ord overprøves politiets vurdering og svekker dermed ytterligere redningstjenesten evne til innsats i det omtalte området.

***Vi klager på vedtak om at vi ikke blir gitt dispensasjon til kjentmannstur nord for Storevatn.***

Med hilsen

**Ivar Anton Nøttestad**  
Daglig leder  
tlf. 950 31 101



Arkivsaksnummer: 2025/241

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 11.02.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	14/25	19.02.2025

## Førebuaende klagehandsaming. Delvis innvilga søknad om kjentmannsturar. Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

- 1 Klage - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frarfjordheiane landskapsvernområder - motorferdsel - kjentmannskjøring 2024 - 2026 - snøskuter - Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i forvaltningslova § 33 opprettheld verneområdestyret arbeidsutvalet sitt vedtak dagsett 20.1.2025 sak 14/25. Verneområdestyret kan ikkje sjå at det har komen nye argument i saka som tilseier at arbeidsutvalet sitt vedtak bør gjerast om.

Klagen vert sendt Miljødirektoratet for avgjerd.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka gjere ei førebuaende handsaming av klagen frå Sandnes Røde Kors Hjelpekorps (SRH) på vedtak fatta av arbeidsutvalet i møte 20.1.2025, sak 14/25. SRH fekk her avslag på køyring nord for Storevatn i Sirdal i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapvernområde*.

Likelydande klage har kome frå Speidernes beredskapsgruppe. Denne vert handsama som eigen sak i same møte.

### Saka i korte trekk

SRH fekk i sak 14/25 løyve til å gjennomføre inntil fire årlege kjentmannsturar etter køyreruta Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller – Ådneram i Sirdal kommune. Løyvet gjaldt for to år. Arbeidsutvalet ga avslag på søknad om køyring på strekninga Storevatn – Hyttevatn. Sjå kart nedanfor. Arbeidsutvalet hadde følgjande grunngjeving for avslaget:


«Som grunngeving for avslaget legg arbeidsutvalet vekt på at køyreruta vidare inn frå Storevatn går i heilt sentrale delar av vinterbeiteområde for villrein der det er vesentleg å få redusert den samla forstyrringa. Arbeidsutvalet kan ikkje sjå at behovet for gjennomføring av kjentmannsturane i det omfanget det er søkt om er tilstrekkeleg dokumentert i øvingsplanen til Sør-Vest politidistrikt».

SRH har i brev dagsett 9.2.2025 klagt på avslaget i frå arbeidsutvalet og meiner at det må gjevast løyve til kjentmannsturar også på strekninga Storevatn – Hyttevatn (vedlegg 1).

SRH sine argument er at køyring på strekninga er i tråd med politiets øvingsplan. Å berre gi ein aktør (Øvre Sirdal Leitegruppe, ØSL) løyve på denne strekninga gjer at redningstenesta i området vert svekka. SRH meiner arbeidsutvalet i sitt vedtak har gjort redningsfaglege vurderingar, noko som i sin heilskap bør ligge til politiet. I klagen syner SRH til at revidering av øvingsplanen vart gjort i samråd med forvaltningssekretariatet og at arbeidsutvalet i sitt vedtak stramma ytterlegare inn i høve til forvaltar si innstilling

Forvaltar vil legge til at ØSL er den einaste av redningsgruppene som har fått løyve på strekninga Storevatn – Hyttevatn, ref. arbeidsutvalet sitt vedtak i same møte sak 13/25. Løyvet gjeld for ein årleg kjentmannstur på strekninga.

Kart der strekninga det vart gjeven avslag på er merka gult:



### Om øvingsplanen

Øvingsplanen er utarbeida av Sør-Vest politidistrikt og vart revidert i 2024 etter ein prosess med forvaltningssekretariatet for SVR.

Øvingsplanane er forankra i retningslinene gjeven av Klima- og miljødepartementet 15.5.2020. Av retningslinene kap. 4 går det fram at det som hovudregel berre skal gjevast løyve til kjentmannsturar når slik køyring er del av ein øvingsplan. Det skal normalt gjevast dispensasjon for slik køyring om søknaden er i tråd med øvingsplanen. Det er ein føresetnad at slik køyring ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Som nemnd er det politiet som vedtek øvingsplanen. Verneområdestyret vart informert om vedteken øvingsplan i styremøtet 23.10.2024 sak 30/24. Følgjande vart teken inn i protokollen:

*«Styreleiar Jonny Liland presenterte kort Sør Vest politidistrikt sin øvingsplan for verneområda og verneområdestyret drøfta planen.*

*Verneområdestyret var einig i det aller meste av planen, men var bekymra over at det i øvingsplanen var lagt opp til fem kjentmannsturar, fordelt på tre ulike redningsgrupper, på strekninga Storevatn - Kringlevatn. Desse kjentmannsturane går gjennom eit område som er svært mykje brukt av villreinen om vinteren.*

*Verneområdestyret etterlyste betre dokumentasjon frå politidistriktet for behovet for så mange kjentmannsturar på denne strekninga. Opplysningar om talet på redningsoppdrag og helseoppdrag i aktuelle område, bør inngå i denne dokumentasjonen. Utan slik dokumentasjon kan det være aktuelt for verneområdestyret å avgrense talet på kjentmannsturar etter denne strekninga ved handsaminga av dispensasjonssøknadane frå redningsgruppene.»*

Sør-Vest Politidistrikt vart gjort kjend med verneområdestyret sin haldning i brev dagsett 31.10.2024. Med bakgrunn i desse innspela endra politiet øvingsplanen, ref. brev dagsett 8.11.2024, slik at det ikkje vert køyrd lenger enn til Hyttevatn og totalt tal turar vart redusert frå fem til to. Leitegruppene vart også pålagt å køyre saman.

### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

Verneområdestyret skal gjere ein førebuande klagehandsaming etter forvaltningslova § 33. Verneområdestyret kan oppheve eller endre arbeidsutvalet sitt vedtak. Om vedtaket vert oppretthalden vert saka sendt miljødirektoratet for avgjerd.

Etter forvaltningslova § 29 – 32 er det formelle krav til ein klage. Klagefristen er tre veker, klagen må innehalde kva endring som er ønska og den bør vera grunngjeven.

## **Vurdering**

Melding om vedtaket vart send SRH 25.1.2025. Klagen kom inn 9.2.2025 og såleis innan klagefristen. Klagen er grunngjeven og det går fram kva som bør endrast. Dei formelle vilkåra for å ta klagen til handsaming er difor støtta.

Forvaltar syner til innhaldet i klagen attgjeven ovanfor.

Overfor politiet har verneområdestyret vore føreseieleg og ope om sine meiningar om den vedtekte øvingsplanen. Avslaget er grunngjeven ut i frå verneomsyn der verneområdestyret legg stor vekt på å avgrense forstyrringa i heilt sentrale vinterbeiteområde for villrein. Ein betre dokumentasjon av behovet for gjennomføring av kjentmannsturane i dette området kunne gitt eit anna utfall, men verneområdestyret har så langt ikkje motteke dette.

SRH har i sin klage gjort eit nummer av at forvaltningssekretariatet og verneområdestyret ikkje har vore samkøyrde i arbeidet med revisjon av øvingsplanen. Forvaltar syner til

øvingsplanen der denne etter innspel frå forvaltningssekretariatet vart innskrenka til å gjelde for to år. Dette som følgje av tiltaksplanane for villrein fjella med forventta innstramming for å avgrense den totale mengda motorferdsel i verneområda. At arbeidsutvalet vil «framskande» nokre av tiltaka er sakleg grunngeveven med verneomsyn og noko dei sjølv sagt er i sin fulle rett til å gjera.

SRH meiner arbeidsutvalet gjer *redningsfaglege vurderingar* når dei gir ein aktør (Øvre Sirdal Leitegruppe) løyve framføre andre. Forvaltar syner her til politiet sin øvingsplan der politiet sjølv peikar på at Øvre Sirdal Leitegruppe har lokal forankring og difor kort responstid. Når køyring i området skal avgrensast synast det difor naturleg at Øvre Sirdal Leitegruppe har ansvaret for dette.

Klima- og miljødepartementet skriv i sine retningslinjer at søknadar i tråd med øvingsplan *normalt* skal innvilgast. Verneområdestyret har i all hovudsak halde seg til dette i både denne og tidlegare planperiode. At verneområdestyret i eit svært avgrensa tal saker fråviker øvingsplanen må vera innafor den myndigheita verneområdestyret har.

## Konklusjon

Forvaltar kan ikkje sjå at det har komen nye argument i saka som tilseier at arbeidsutvalet sitt vedtak frå 20.1.2025 bør gjerast om. Klagen vert sendt Miljødirektoratet for avgjerd.

Verneområdestyret for SVR  
788 Stoa

4804 ARENDAL

Sirdal, 9.februar 2025

### **KLAGE PÅ VEDTAK I AU FOR SVR AV 20.01.2025 - Deres ref. 2025/241-0 432.2**

Vi vil med dette benytte muligheten vi har etter forvaltningsloven til å klage på vedtaket fra AU i Verneområdestyret i ovennevnte sak om kjentmanskjøring med snøscooter for redningstjenesteformål.

- Styret i SVR har stilt seg bak politiets plan som nå ble revidert i dialog mellom politidistriktets saksbehandler og forvalterne.
- I revisjonen ble det gjort endringer som var viktige for SVR. Innspill fra forvalterne ble slik vi forstår det etterkommet. Politiets øvingsplan ble revidert og er grunnlaget for vår søknad.
- Når vi nå søker med bakgrunn i planen så strammes det ytterligere inn av SVR v/AU, mot forvalters forslag til vedtak.
- Vi opplever at AU påtar seg å gjøre redningsfaglige vurderinger som innebærer at de gir en aktør i redningstjenesten løyve og fratår andre muligheten til samme tur til tross for at dette var avklart med forvalterne og kommer frem i planen og forslag til vedtak.
- Redningstjenesten i Norge er basert på samvirke mellom aktuelle aktører. Vedtaket vi nå klager på vedtar at aktuelle aktører ikke kan samvirke i aktuelt område.
- Med andre ord overprøves politiets vurdering og svekker dermed ytterligere redningstjenesten evne til innsats i det omtalte området.

***Vi klager på vedtak om at vi ikke blir gitt dispensasjon til kjentmannstur nord for Storevatn.***

Med vennlig hilsen  
Eirik Sivertsen  
Korpsleder  
Sandnes Røde Kors Hjelpekorps  
M: +47 917 22 411  
D: +47 994 86 004  
ISSI: 6148228

Roald Amundsensgt. 20, 4307 Sandnes | Alarmtelefon: 994 86 002 | Org nr. 975 580 806





Arkivsaksnummer: 2022/2367

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 07.02.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	15/25	19.02.2025

## Uttale til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområde

Vedlegg:

- 1 Rogaland fylkeskommune - Høyringsbrev

### Forvaltar si innstilling

Viser til framlegg til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Verneområdestyret for SVR sin uttale vil i hovudsak avgrense seg til dei punkta i planen som omhandlar verne areal i Fráfjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder kor verneområdestyret har forvaltningsmynde.

Verneområdestyret ser det som positivt at planen ser ut til å ha fokus på å ta vare på kulturminne, sårbare naturområde og område med viktige naturverdiar.

Verneområdestyret ser det og som positivt at planen legg opp til å utarbeide ein besøksforvaltningsplan før ein går i gang med gjennomføring av tiltak. Særleg i områda ved Kjerag vil verneområdeforvaltninga gjerne ha eit samarbeid om tiltak knyt opp mot informasjon, styring og kanalisering av ferdsel. For det verna arealet ville det være naturleg at informasjons- og tilretteleggingstiltak vart styrt gjennom SVR sin besøksstrategi/forvaltningsplan som nå skal reviderast.

Delar av vandreruta «Lysefjorden rundt» vil gå gjennom verna areal. Det er positivt at planen ser i stor grad ut til å legge opp til at eksisterande stinett og infrastruktur skal brukast. Samstundes blir det og opna for omlegging av stiar, oppretting av nye stiar og nye enkle overnattingstilbod.

Verneområdestyret vil som i sin uttale til planprogrammet, gjere merksam på at tilretteleggingstiltak i verneområda, som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar, ville være søknadspliktig etter verneføreskriftene. Det er derfor viktig at ein i det vidare planarbeidet ikkje legg opp til søknadspliktige tiltak i desse områda utan god dialog med verneområdeforvaltninga. Om villreinen på nytt skulle ta i bruk område i Fráfjordheiane, vil dette legge sterke føringar for SVR sin dispensasjonspraksis.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til framlegget til uttale til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Det er lagt opp til ein uttale som avgrensar seg til dei punkta i planen som omhandlar verna areal.

### Bakgrunn for saka

Rogaland fylkeskommune har sendt framlegg til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet ut på høyring. Frist for uttale var sett til 14.02.2025, men verneområdestyret har fått utsett frist til 25.02.2025.

Høyringsbrevet er lagt ved og sjølv plandokumentet kan lesast på denne lenka [Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet](#)

I høyringsbrevet opplysar Rogaland fylkeskommune at dei ønskjer tilbakemelding på desse punkta:

- Legger planen i tilstrekkelig grad til rette for destinasjons- og reiselivsutvikling?
- Ivaretar planen i tilstrekkelig grad natur-, kulturmiljø- og landskapsverdiene?
- Legger planen godt nok til rette for samarbeid og felles innsats for en bærekraftig utvikling av Preikestolen og Lysefjordområdet?
- Planens anbefalinger for fremtidig organisering av reisemålsutvikling.

### Tidlegare handsaming

Verneområdestyret handsama framlegget til planprogram for regionalplanen i styremøte 08.11.2022 (styresak 43/22).

Det vart sendt ein uttale som innehalda desse punkta:

- *Lysefjorden og områdene rundt fjorden er eit av dei viktigaste reiselivsmåla i landet. Verneområdestyret vil understreke viktigheten av at det legges opp til eit godt samspel mellom allmennhetens behov og interesser, og bærekraftig bruk og vern slik dette er definert i naturmangfoldlovas føremål. Eit slikt godt samspel vil mogleggjere ei god næringsutvikling i eit unikt område og dermed og sikre busetnad og verdiskaping.*
- Verneområdestyret er positive til at det under «aktuelle plantema» leggest opp til ei rekke gode tiltak i planområdet. Dette gjeld mellom anna:
  - Ta vare på og vedlikehalde kulturminne og kulturmiljø
  - Ta vare på landskap og naturmangfald
  - Styre og kanalisere ferdsel
  - Samanstille eksisterande kunnskap om viktige landskaps, natur og kulturverdiar
- Verneområdestyret vil minne om at det i Besøksstrategi for SVR blir vist kva for konkrete tiltak verneområdeforvaltninga legg opp til, når det gjeld informasjon og tilrettelegging for styring og kanalisering av ferdsel. Særleg punkta som handlar om Øygardsstøl og Kjerag vil være relevante i det vidare planarbeidet. Verneområdestyret vil spele inn at det bør utarbeidast ein plan for informasjonsskilt ved Øygardsstøl.
- Verneområdestyret registrerer at det i planprogrammet kjem tydeleg fram at tiltak i dei delane av planområdet som ligg i verna areal må være i tråd med aktuelle verneføreskrifter. I

desse verneområda vil tilretteleggingstiltak som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar være søknadspliktig. Det er derfor viktig at ein i det vidare planarbeidet ikkje legg opp til søknadspliktige tiltak i desse områda utan god dialog med verneområdeforvaltninga.

### **Planprosessen**

Ved oppstart av planarbeidet ble det etablert en prosjektorganisasjon for å sikre at kommuner, andre offentlige myndigheter, næringsinteresser og andre brukerinteresser ble gitt gode muligheter for medvirkning i planprosessen. Det ble etablert et politisk råd, en prosjektgruppe og en referansegruppe. Rådet for planprosessen består av politikere fra fylkeskommunen og kommunene Sandnes, Strand, Hjelmeland, Gjesdal, Stavanger og Sirdal. Statsforvalteren har deltatt som statens representant. Gruppens mandat har vært å gi råd og innspill til arbeidet med planen.

Prosjektgruppen har hatt administrative representanter fra kommunene og andre aktuelle myndigheter. Gruppens mandat har vært å gi politisk rådgivende gruppe for planprosessen anbefalinger og innspill til arbeidet med planen. Det er etablert en bredt sammensatt referansegruppe med deltakelse fra kommuner, næringsliv og organisasjoner som kan ha interesse av planen. Referansegruppen orienteres om arbeidet når det er hensiktsmessig og vil bli gitt mulighet til å gi innspill. Det har vært gjennomført flere workshops, temamøter, og hørings- og informasjonsmøter

### **Relevant innhald i plandokumentet**

Med utgangspunkt i visjonen «Lysefjorden er Nordens mest bærekraftige reisemål» gir regionalplan for Preikestolen og Lysefjorden strategisk retning til arbeidet med å sikre vidare utvikling av et bærekraftig reiseliv i Lysefjorden.

Planen peikar ut fem innsatsområde med eigne målsettingar:

- Natur, kulturmiljø og landskap - Natur, kulturmiljø og landskap i Lysefjorden skal tas vare på, og er grunnlaget for naturopplevelser, rekreasjon og reiseliv
- Reiselivs- og destinasjonsutvikling - Lysefjorden er en unik helårlig turistdestinasjon med en konkurransedyktig reiselivsnæring
- Friluftsliv - Friluftslivet i Lysefjorden er mangfoldig og basert på naturens premisser Lokalsamfunn - Reiselivsutvikling skal styrke lokalsamfunnene
- Transport og mobilitet - Lysefjordområdet har et koordinert, forutsigbart og miljøvennlig transporttilbud tilpasset ambisjonene for de prioriterte områdene hele året

Planen inneheld og ein felles arealstrategi med planprinsipp og retningslinjer. Desse skal leggest til grunn i både kommunale, fylkeskommunale og statlege prosessar knyt til planlegging og arealforvaltning i Lysefjordområdet.



Kart over planområdet.

Dei delane av plandokumentet som i størst grad omhandlar verna areal er Innsatsområde 3 – Friluftsliv og delar av arealstrategien. Begge desse framhevar vandreruta «Lysefjorden rundt» som skal binde saman dei ulike attraksjonane og destinasjonane i område.

Målsettingane for vandreruta er mellom anna å:

- Oppretthalde og legge til rette for det enkle, tradisjonelle friluftslivet.
- Bruke besøksforvaltning, slik at de besøkende styres mot mindre sårbare områder.
- Avgrense inngrep og benytte eksisterende infrastruktur, med godt vedlikehold og ha lav miljøpåvirkning

I arealstrategiens retningslinjer under punkt 3.3.4 er aktuelle tiltak langs vandreruta omtala i større detalj:

- I. Eksisterende sti danner grunnlaget for vandreruten rundt Lysefjorden. Denne bør videreutvikles med god standard. Grad av tilrettelegging for den enkelte etappe må tilpasses og er avhengig av bruksprofil, natur, kulturminner, vilt og landskapshensyn.
- II. Nye traseer bør unntaksvis vurderes der det tilfører vandreruten økte kvaliteter i form av bedre utsikt til Lysefjorden, gir bedre kobling mellom destinasjonene langs Lysefjorden og har lav konflikt med landskaps-, kulturmiljø- og naturverdier.
- III. Av hensyn til avfall og sanitære forhold bør hoveddelen av overnattingen skje i destinasjonene. Langs vandreruten kan det unntaksvis vurderes nye, enkle overnattingstilbud der det er avgjørende for å etablere overkommelige dagsetapper.

- IV. Videre planlegging av dagsetapper og nye overnattingstilbud langs vandreruten må ta hensyn til både beredskap og naturverdier. Differensiering av lengde og standard/tilretteleggingsgrad på dagsetappene benyttes til å styre besøkende mot mindre sårbare områder.
- V. Vandreruten på nordsiden av fjorden bør generelt tilrettelegges med kortere etapper (maks 4-5 timer). På sørsiden av fjorden kan dagsetappene bli lenger av hensyn til villrein/sårbar natur.
- VI. Etablering av andre nye stisystemer i planområdet skal begrenses. Nye stier skal ha en tydelig funksjon, som å forbinde viktige målpunkt, og skal etableres uten å forringe natur- og kulturmiljøverdier.
- VII. Nye stier utredes ut ifra en helhetlig vurdering av besøkstrykk, omfanget av slitasje, og sårbarhetsvurdering.

I plandokument sitt handlingsprogram leggest det og opp til å lage ein besøksforvaltningsplan. Arbeidet med denne planen skal starte opp i 2026.

*« ... besøksforvaltningsplanen skal sikre at utviklingen i området er bærekraftig. En bærekraftig utvikling må skje innenfor tålegrensene til natur, landskap, miljø, lokalsamfunn og lokal kultur, samtidig som det gir grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskapning. For å lage en besøksforvaltningsplan kan det være nødvendig å gjennomføre bl.a.:*

- Sårbarhetsanalyser (tålegrenser) for attraksjonerdestinasjoner og innfallsporter
- Stedsanalyse
- Vurdere om det er behov for kartlegging av natur eller kulturmiljø»

## Vurdering

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil regionalplanen ha relativt liten innverknad SVR sitt arbeid med forvaltninga av verneområda. Sjølv om planområdet delvis omfattar verna areal, ligg planens hovudfokus på areal utanfor verneområda.

Det er og positivt at planen ser ut til å ha eit tydeleg fokus på å ta vare på kulturminne, sårbare naturområde og område med viktige naturverdier.

Særleg i områda ved Kjerag vil verneområdeforvaltninga også i framtida møte utfordringar med informasjon, styring og kanalisering av ferdsel. Det er derfor positivt at planen legg opp til å utarbeide ein besøksforvaltningsplan før ein går i gang med gjennomføring av tiltak. For det verna arealet ville det være naturleg at informasjons- og tilretteleggingstiltak vart styrt gjennom SVR sin besøksstrategi/forvaltningsplan som nå skal reviderast.

Delar av vandreruta «Lysefjorden rundt» vil gå gjennom verna areal. Planen ser i stor grad ut til å legge opp til at eksisterande stinett og infrastruktur skal brukast, men det er og opna for omlegging av stiar, oppretting av nye stiar og nye enkle overnattingstilbud.

I verneområdestyret sin uttale til planprogrammet gjorde ein merksam på at tilretteleggingstiltak i verneområda, som mellom anna bygningar, tyngre stiltrettelegging og omlegging av stiar, ville være søknadspliktig etter verneføreskriftene. Ein uttalte og slike tiltak måtte avklarast med verneområdeforvaltninga på førehand om dei skulle takast inn i den endelege planen. Når plandokumentet nå opnar for slike tiltak utan at verneområdestyret er involvert bør dette signalet sendast på nytt.

Villreinen har i liten grad bruka dei gamle beiteområda i Frafjordheiane sidan midten av 1990-talet. Om villreinen på nytt skulle ta i bruk område i Frafjordheiane, vil dette legge sterke føringar for SVR sin dispensasjonspraksis knyt til nye stiar og andre tilretteleggingstiltak. At store delar av Frafjordheiane inngår i nasjonalt villreinområde gjer og at Heiplanens retningslinjer må vege tungt ved eventuelle endringar i stinettet.



### **Fylkesutvalgets vedtak**

Fylkesutvalget i Rogaland vedtok 26. november 2024 å sende forslaget til regionalplan på høring, sammen med noen endrings- og tilleggspunkt. Vedtaket følger høringen, se eget vedlegg.

Fylkesutvalgets vedtakspunkter er innarbeidet i planforslaget, som nå sendes på høring, sammen med oppdateringer i tilhørende konsekvensutredning (KU) og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analysen).

### **Vi ønsker tilbakemelding på**

Vi ønsker tilbakemelding på hva som er positivt og forslag til forbedringer av planen.

Det er særlig ønskelig med tilbakemelding på:

- Legger planen i tilstrekkelig grad til rette for destinasjons- og reiselivsutvikling?
- Ivaretar planen i tilstrekkelig grad natur-, kulturmiljø- og landskapsverdiene?
- Legger planen godt nok til rette for samarbeid og felles innsats for en bærekraftig utvikling av Preikestolen og Lysefjordområdet?
- Planens anbefalinger for fremtidig organisering av reisemålsutvikling.

Forslag til endringer bør begrunnes og alternative forslag til løsninger beskrives.

### **Høringsfrist og gjennomføring av høringen**

Høringsuttalelser til forslaget til regionalplan sendes til: [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

Ved brev: Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 sentrum, 4001 Stavanger.

Merkes «Høring - Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet».

Høringsfristen er 14. februar 2025.

### **Høringsmøte**

Det blir arrangert høringmøte torsdag 9. januar 2025, kl. 10.00 - 15.00, hvor det blant annet gjøres mer rede for planens innhold og planlagt gjennomføring.

Invitasjon til høringmøte og program kommer i egen utsendelse.



**Mer informasjon**

Mer informasjon om planforslaget og planprosessen ligger på våre nettsider:  
<https://www.rogfk.no/politikk/horinger-og-offentlig-ettersyn/horing-av-regionalplan-for-preikestolen-og-lysefjordområdet.145126.aspx>

For ytterligere informasjon, ta kontakt med prosjektleder Vegard Næss.

E-post: [vegard.naess@rogfk.no](mailto:vegard.naess@rogfk.no), mobil 476 13 110

Hilsen

Gareth Doolan  
konstituert regionalplansjef

Vegard Næss  
seniorrådgiver

Vedlegg:

- Høringsforslag Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet
- KU og ROS Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet, datert 11. desember 2024
- Fylkesutvalgets vedtak i sak 208/2024, 26. november 2024
- Adresseliste

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.*

### Adresseliste

Gjesdal kommune	Ryfylke IKS
Hjelmeland kommune	Universitetet i Stavanger
Sandnes kommune	Lyse Kraft DA
Sirdal kommune	Lyse Lnett
Stavanger kommune	Lyse Konsern
Strand kommune	Sandnes Havn KF
Agder fylkeskommune	Stavangerregionen Havn IKS
Statsforvalteren i Agder	Norwegian film
Statsforvalteren i Rogaland	NHO Rogaland
Suldal kommune	NHO Reiseliv
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde	LO
Kystverket	Virke
Fiskeridirektoratet	Avinor
Norges vassdrags- og energidirektorat	Forsvarsbygg
Miljødirektoratet	KS
Statens vegvesen	Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Luffartstilsynet	Grønn by
Statnett	Idrettsforbundet
Arkeologisk museum Stavanger	IVAR
Ryfylkemuseet	Rogaland brann og redning
Stiftelsen Preikestolen	Helse Vest
Lysefjorden Utvikling	Jordvernforeningen i Rogaland
Fortidsminneforeningen Rogaland	Statens Vegvesen, v/ nasjonale turistveier
Fortidsminneforeningen Ryfylke lokallag	Flørli Velforening
Forum for natur- og friluftsliv	Hytteeier ved Bakken
Ryfylke friluftsråd	Fishglobe
Jæren friluftsråd	Flørli 4444 AS
Stavanger turistforening	Kronegruppen AS
Bratte Rogalands venner	
Rogaland Alpine redningsgruppe	
Naturvernforbundet i Strand	
Naturvernforbundet i Rogaland	
Norsk Folkehjelp Strand og Forsand	
Høllesli Sameie	
Lyse Sameie	
Norwegian Experience	
Ryfylke vassområde	
Rogaland bondelag	
Rogaland bonde- og småbrukarlag	
Norges Kystfiskarlag	
Sørvest - Norges Kystfiskarlag	
Norges Fiskarlag Vest	
Birdlife Rogaland, NOF avd. Rogaland	
Rogaland jeger- og fiskerforening	
Næringsforeningen i Stavanger	
Næringsforeningen i Stavanger, avd. Strand	
Reisemål Ryfylke	
Region Stavanger	



Arkivsaksnummer: 2023/7249

Saksbehandler: Ida Christine Apalnes

Dato: 12.02.2025

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	16/25	19.02.2025

## Vedtak om tvangsmulkt - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - 5/5 Brå Beite og Sankelag - Åseral kommune

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret viser til vedtak, datert 23.11.2023, om pålegg om fjerning av 19,5 m<sup>2</sup> av platting på eiendom gnr./bnr. 5/5 i Åseral kommune, med frist for fjerning innen 01.10.2024. I vedtaket ble det varslet om at Brå Beite og Sankelag vil ilegges tvangsmulkt dersom pålegget om fjerning ikke gjennomføres innen fristen. Den 14.11.2024 ble det gjennomført etterkontroll, og pålegget om fjerning var ikke gjennomført.

**Med hjemmel i Naturmangfoldloven § 73 ilegges Brå Beitelag, org.nr. 911 774 755, en løpende dagmulkt på kr 1000,- dersom plattingen ikke er dokumentert fjernet innen 14. juni 2025.**

Dagsmulkten løper inntil forvaltningsmyndigheten får dokumentasjon på at bygningsmassene er fjernet. Rivningsmateriale som er overflatebehandlet eller impregnert skal transporteres ut av verneområdet. Ved bruk av motorisert transport for fjerning må det søkes spesielt om dette.

### Hva må gjøres for å unngå tvangsmulkt?

For å unngå tvangsmulkt må Brå Beite og Sankelag fjerne 19,5 m<sup>2</sup> platting som er oppført uten tillatelse og som strider mot verneforskriften innen 14 juni. 2025. Hvilken deler av plattingen som fjernes er opp til Brå Beite og Sankelag, så lenge totalt areal på gjenværende platting ikke overstiger 20 m<sup>2</sup>.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysninger

Sakens bakgrunn

Den 04.07.2023 ble det gjennomført befarings av hytte på gnr./bnr. 5/5 i Åseral kommune. Her ble det oppdaget at platting med et samlet areal på 39,5 m<sup>2</sup> var oppført uten at det var omsøkt. Det ble sendt ut varsel om retting og avbøtende tiltak den 08.08.2023. I styremøte 14.11.2023, sak 40/23, ble byggetiltaket vurdert av verneområdestyret i SVR. Brå Beitelag fikk tillatelse til å beholde 20 m<sup>2</sup> av plattingen. Brå Beitelag ble samtidig pålagt retting på

tiltak som er gjennomført uten tillatelse og som er i strid med verneforskriften. Pålegget om retting omhandlet fjerning av 19,5 m<sup>2</sup> av plattning på eiendommen gnr./bnr. 5/5. I vedtak om pålegget ble det samtidig varslet at verneområdestyret ville vurdere å bruke tvangsmulkt dersom byggetiltaket ikke var fjernet innen den fastsatte fristen.

Forvalterne gjennomførte sluttkontroll på tiltaket 14.11.2024, og pålegget om fjerning var ikke gjennomført. Det foreligger heller ingen dokumentasjon eller melding om at tiltaket har blitt gjennomført i ettertid av kontrollen.

Det har i ettertid av utsending av pålegget og varselet vært skifte av styreleder i Brå Beite og Sankelag.

#### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Naturmangfoldloven.
- Lov om tvangsfullbyrdelse
- Lov om Statens innkrevingsssentral (SI-loven)
- Forskrift til SI-loven (SI-forskriften)
- Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer, vår ref. 2021/696.

### **Hjemmelsgrunnlag**

I § 69 i Naturmangfoldloven, om pålegg om retting og avbøtende tiltak, heter det at «myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven».

Etter Naturmangfoldloven § 73 om tvangsmulkt kan tvangsmulkten «fastsettes når overtredelsen av en bestemmelse er oppdaget. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som myndigheten etter loven har fastsatt».

Etter tvangsfullbyrdeloven § 7-2 bokstav d er vedtaket tvangsgrunnlag etter «beslutning om tvangsmulkt ... truffet av offentlig myndighet med hjemmel i lov». Tvangsmulkten kan innkreves av Statens innkrevingsssentral, eller namsmyndigheten jf. Lov om States innkrevingsssentral §2-11 jf. Forskrift til lovens §1 (1) bokstav f.

### **Hvem krever inn tvangsmulkten?**

Det er Statens innkrevingsssentral som krever inn tvangsmulkten på vegne av verneområdestyret jf. Lov om statens innkrevingsssentral § 2 – 11 jf. forskrift til lovens § 1 (1) bokstav f. Pengene tilfaller staten.

### **Vurdering**

Tvangsmulkt er et virkemiddel og oppfordring til å få gjennomført gitte pålegg. Det er viktig å følge opp overtredelser i verneområdet, slik at respekten for vernereglene opprettholdes, og for å ikke undergrave myndigheten til verneområdestyret om pålegget ikke blir fulgt opp.

Brå Beite og Sankelag har fått god tid for å gjennomføre pålegget. Etter at vedtaket ble mottatt har det siden vært endringer i styreledelsen i foreninger. I samtale med forvalter 23.09.2024 fortalte nåværende styreleder at skifte i ledelsen førte til at klagefristen på vedtaket ikke ble fanget opp, og at oppfølging for gjennomføringen har falt bort.

Tvangsmulkt er ikke en straff, og det skal alltid være mulig for den ansvarlige å unngå tvangsmulkten. Forvalteren vil understreke at bruk av tvangsmulkt fritar ikke den ansvarlige fra plikten til å gjennomføre pålegget. Fristen før tvangsmulkten løper blir satt med hensyn til

hyttens plassering, omfang av overtredelsen, samt årstid og sesong, slik at det skal være praktisk gjennomførbart for Brå Beite og Sankelag å fjerne plattingen. De har dermed fremdeles mulighet til å unngå at tvangsmulkten løper.



Arkivsaksnummer: 2023/9697

Saksbehandler: Ida Christine Apalnes

Dato: 12.02.2025

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	17/25	19.02.2025

## Møteplan for verneområdestyret 2025

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret vedtar denne møteplanen for 2025.

Dato	Tid og sted	Hva skjer	Annet
19. februar	Sandnes rådhus	Ordinært styremøte	
5. juni	Åseral kommune	Ordinært styremøte	
26-27. august	Sirdal kommune	Ordinært styremøte kombineres med befaring	
Oktober/november		Ordinært styremøte	

Siste styremøte blir lagt til heiplansamlingen, forutsatt at denne er i slutten av oktober.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysninger

Ifølge verneområdestyret sine vedtekter skal styret tre sammen minimum fire ganger i året.

Med mindre det er spesielle omstendigheter, har vi lagt oss på denne møtefrekvensen for å holde reisebelastningen nede. Dette er i utgangspunktet med fysisk oppmøte.

Det blir lagt opp til en befaring av aktuelle saker på minst et av styremøtene.

Styremøtene går på omgang mellom medlemskommunene.

**ST 18/25 Eventuelt**